

Silje Louise Dahl

# **Ein forskjell som gjer ein forskjell?**

Forteljingar om cannabisbruk

Avhandling for graden philosophiae doctor

Trondheim, mars 2015

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



**NTNU**

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Doktoravhandling for graden philosophiae doctor

Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologileiing

Institutt for sosiologi og statsvitenskap

© Silje Louise Dahl

ISBN 978-82-326-0790-7 (trykt utg.)

ISBN 978-82-326-0791-4 (elektr. utg.)

ISSN 1503-8181

Doktoravhandlingar ved NTNU, 2015:65

Trykt ved NTNU grafisk senter

<b>Forord .....</b>	<b>5</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>7</b>
<b>Summary in English .....</b>	<b>9</b>
<b>1. Introduksjon .....</b>	<b>13</b>
Sosialt integrerte cannabisbrukarar sine forteljingar om cannabisbruk.....	14
Cannabis i kontekst: Problemfokus og samfunnsdebatt.....	17
Mediedebatten om cannabis og legalisering .....	20
Normaliseringsdebatten og utbreiing av cannabisbruk i Noreg .....	22
Prosjektet mitt.....	27
<b>2. Teoretiske perspektiv: Subkultur, narrativ, identitet og kjønn .....</b>	<b>29</b>
Cannabis som subkultur .....	30
Ei narrativ tilnærming til forteljingar om cannabisbruk.....	34
Kva kan personlege narrativ fortelje oss noko om?.....	38
Identitet som forteljing .....	39
Konstruksjon av kjønn i subkulturar.....	43
<b>3. Forskningsmetode og data .....</b>	<b>47</b>
Inklusjonskriterium .....	47
Rekrutteringsstrategi .....	48
Datagrunnlag – kven er deltarane? .....	50
Om intervjua .....	52
Transkribering, sitering og transparens .....	53
Analysearbeidet .....	55
Frå sorteringsbasert koding til empirinær koding, og til kategorisering.....	56
Utfordringar med å kombinere to datasett og å bruke data samla inn av andre.....	58
Nokre kommentarar om validitet og reliabilitet .....	61
<b>4. Fire ulike inngangar for å forstå tydingane av cannabisbruk .....</b>	<b>65</b>
Artikkel 1: Negotiating identities: patterns of self-presentations among socially integrated cannabis users .....	65
Artikkel 2: Remaining a user while cutting down: the relationship between cannabis use and identity .....	70
Artikkel 3: Female cannabis users and new masculinities: the gendering of cannabis use....	73

Artikkkel 4: Sensitive tema og hårsåre informantar som metodologiske utfordringar i kvalitativ forsking .....	76
Samling av trådane.....	78
<b>Referanseliste .....</b>	<b>81</b>
<b>Artikkkel 1: .....</b>	<b>89</b>
Negotiating identities: Patterns of self-presentations among socially integrated cannabis users .....	89
<b>Artikkkel 2: .....</b>	<b>109</b>
Remaining a user while cutting down: The relationship between cannabis use and identity .....	109
<b>Artikkkel 3: .....</b>	<b>121</b>
Female cannabis users and new masculinities. The gendering of cannabis use .....	121
<b>Artikkkel 4: .....</b>	<b>139</b>
Sensitive tema og hårsåre informantar som metodologiske utfordringar i kvalitativ forsking .....	139
<b>Vedlegg .....</b>	<b>161</b>

## Forord

Avhandlinga hadde ikkje vore mogleg å skrive utan dei 25 unge vaksne som tok seg tid til og våga å fortelje meg om sine opplevingar med cannabis. Eg er svært takksam for at de delte historiene dykkar med meg og bidrog til at eg fekk eit så rikt og spanande intervjugumateriale! Samstundes må eg takke kontaktane mine som hjelpte meg å nå ut til intervjudeltakarane – den hjelpa var heilt uvurderleg! Tusen takk!

I arbeidet med avhandlinga er det ei rekke personar som på ulike måtar har vore til hjelp. Aller først vil eg takke Sveinung Sandberg som kom inn som medretteliar hausten 2013, og som bidrog til at skrivinga skaut fart og vart gøy igjen. Det har vore svært lærerikt å skrive i lag med ein som kan forskingsfeltet så godt og som er ein meister i det handverket artikkelskriving er! Sveinung er eit førebilete; fagleg sterk, stor arbeidskapasitet, ryddig, engasjert og med godt utvikla akademisk empati! Eg håper vi får sjansen til å jobbe saman fleire gongar!

Takk til retteliaren min ved NTNU, Aksel Tjora, for gode faglege innspele, refuseringshumor og stødig optimisme på vegne av arbeida mine. Og takk for råda om å sikte høgt i tidsskriftjungelen! Takk til min gode kollega og medretteliar i Volda, Kåre Heggen, som har vore tilgjengeleg gjennom heile avhandlingsløpet og som hjelpte meg å lande analysen i det som vart artikkel 1. Takk til Willy Pedersen og Jan Inge Sørbø for at de har lest og kommentert delar av avhandlinga. Jan Inge skal også ha takk for gode faglege og ikkje-så-faglege samtalar! Takk til Ulla Søfteland Lie for transkribering og til Susan Lynn Erdmann som språkvaska ein av artiklane. Tusen takk til Berit Skog som var retteliar i ei tidleg fase av prosjektet og som har halde fram som heiagjeng på sidelinja.

Takk til Johanne Yttri Dahl og Synnøve Hedemann Amdam for lesing og deling av tekstar, og for bearbeiding av små og store frustrasjonar! Her må også Kristin Kibsgaard Sjøhelle nemnast særleg. Kva skulle eg gjort utan dykk?! Alle kollegaene på Lettbygget fortener takk for eit kjemperfint arbeidsmiljø og for klokketru på prosjektet

mitt. Takk til Institutt for sosialfag for kontinuerleg støtte og stor rausheit i innspurten.

Eg er heldig som har ein slik arbeidsplass! Hallgerd, Bente, Lone og Ane – takk!

Tusen takk til foreldra mine, Ingeborg Øye Dahl og Harald Dahl, som *alltid* stiller opp, enten det gjeld korrekturlesing eller barnepass. Til sist den største takka; til dei kjekke karane mine, Kjetil, Eirik og Håvard. Det er godt å ha ein kjærast som veit kva arbeidet med ei doktorgrad handlar om, og to fine små som får oss til å tenkje på heilt andre ting enn jobb. Tusen takk for tolmodet – og for at de ikkje har latt meg føle at det er noko å takke for!

Volda, september 2014

Silje Louise Dahl

## **Samandrag**

Denne avhandlinga bidreg til kunnskap om ei gruppe rusmiddelbrukarar og eit tema som det har vore mindre fokus på i forskinga; sosialt integrerte cannabisbrukarar som har redusert eller avslutta bruken av cannabis utan å vere i kontakt med behandlingsapparatet. Gjennom fire artiklar utforskar eg dei sosiale og kulturelle betydingane av cannabisbruk både for individua og i den norske konteksten. Analysane i tre av artiklane byggjer på kvalitative intervju med 25 unge vaksne som har brukt cannabis over fleire år, og som har trappa ned på bruken eller slutta. I den fjerde artikkelen er datagrunnlaget utvida med 12 intervju med kvinnelege cannabisbrukarar frå ein studie av Sveinung Sandberg og Willy Pedersen (2010).

Gjennom å undersøkje unge vaksne sine forteljingar om kva det inneber å bruke og å slutte å bruke cannabis, ønskjer eg både å vise korleis forteljingar om cannabisbruk er viktig for identitetsdanning og å seie noko om korleis cannabisbruk vert sett på i det norske samfunnet. I avhandlinga vert identitet forstått som skapt gjennom forteljingane vi fortel om oss sjølv og forholda våre til andre, og korleis andre møter desse forteljingane. Forteljingane hjelper oss å skape samanheng mellom hendingane i liva våre og å gjøre oss sjølv forståelege – for oss sjølv og for andre. Også forteljingar om eigen cannabisbruk er del av dette arbeidet, og i framstillinga bruker individua kulturelt tilgjengelege forteljingar om cannabisbruk; mulige måtar å snakke om cannabis på i den aktuelle konteksten.

Cannabisbruk er ein mangetydig og kompleks ressurs for identitetsarbeid. På den eine sida er bruken knytt opp til ei forteljing om illegal rusbruk som risikofylt og kopla til avhengigkeit og marginalisering. På den andre sida er cannabisbruk kopla til eit subkulturelt repertoar av forteljingar, der bruken symboliserer slike eigenskapar som openheit, sjølvstende og at ein ikkje er konservativ og "satt".

Eit av dei viktige bidraga i avhandlinga er analysen av cannabisbruk som kopla til maskulinitet. Vi argumenterer for at cannabisbruk er kopla til ei form for maskulinitet

som idealiserer det å vere ung, fri og uavhengig, medan det å vere etablert, lydig og konform vert sett ned på. Dette er ei mjukare, meir likestillingsorientert og ikkje-konkurranseprega form for maskulinitet enn det som er skildra i andre ruskulturar, og den kan lettare praktiserast av kvinner også. Likevel merker kvinnelege cannabisbrukarar seg ut og vert spesielt synlege fordi cannabisbruk er koda som maskulint og dermed vert oppfatta som atypisk handling for medlemmar av den kvinnelege kjønnskategorien. Dette kan forklare kvifor kvinner i hovudsak gjorde meir tradisjonelle feminitetar i sine forteljingar om cannabisbruk, ved å plassere seg i meir perifere posisjonar i cannabisbrukande fellesskap og å gjere cannabisbruk mindre sentralt i sjølvforteljingane enn det mange menn gjorde.

Eit anna viktig bidrag er identifiseringa av den sentrale forteljinga om cannabisbruk som eit harmlaust og behageleg rusmiddel som kan brukast av dei aller fleste på kontrollerte måtar, og analysen av kva for funksjon denne forteljinga har. Det å uttrykkje at ein ønskjer å redusere eller avslutte bruken inneber eit brot med denne forteljinga, og det kan også bli forstått som ein kritikk mot rusmidlet og andre sin bruk av det. Det ligg såleis ei binding i denne forteljinga som kan gjere det vanskeleg å snakke om å slutte og å faktisk slutte for dei som ønskjer det.

Samtidig viser studien at deltakarane har redusert cannabisbruken, sjølv om dei framleis støttar forteljinga om cannabis som harmlaust og behageleg. Dette ser eg som eit uttrykk for at endra praksis ikkje nødvendigvis inneber vesentlege endringar i sjølvforteljingane. Deltakarane held fast på dei positivt ladde forteljingane om ikkje-konvensjonalitet sjølv når dei (nesten) ikkje brukar lenger og går inn i meir tradisjonelle livsstilsprosjekt med etablering av familie og fulltidsarbeid. Dette gjer dei ved å halde fram med å bruke litt, eller halde muligheita opa for at dei kan kome til å bruke cannabis igjen på eit seinare tidspunkt. Dette peikar også mot at fortolkande studiar retta inn mot å forstå korleis forteljingar om rusmiddelbruk vert konstruert og kva for funksjonar dei har er viktige for forståinga av avhengigkeit og korleis ein jobbar med rusproblematikk. Slike perspektiv bidreg til å leggje ut fleire nyansar enn det dei biokjemiske og medisinske modellane kan tilby.

## Summary in English

This dissertation contributes to our knowledge about a group of drug users and a topic that have received little attention in previous research; socially integrated cannabis users who have either quit or reduced their use of cannabis without being in contact with the drug treatment system. Through four articles, I investigate the social and cultural meanings of cannabis use both for the individuals and in the Norwegian context. The analyses in three of the articles are based on qualitative interviews with 25 young adults who have used cannabis extensively for several years, but who for various reasons have begun to readjust their use. In the fourth article, the data material is extended by 12 interviews with female cannabis users from a study by Sveinung Sandberg and Willy Pedersen (2010).

By investigating young adults' stories of what it means to use and to stop using cannabis, I aim at showing how stories about cannabis use are important for the construction of identity and how cannabis use is regarded in the Norwegian society. In this dissertation, identity is defined as being constructed through the stories we tell about ourselves and our relationships to others, and through other people's responses to our stories. Our stories help us construct coherent connections among life events and render ourselves intelligible. Still, we cannot tell any story about ourselves. We have to make use of the stories that are culturally available in the actual context. This is also the case for stories about cannabis use; individuals make use of a cultural repertoire of possible stories when talking about their own cannabis use.

Cannabis use constitutes a complex and equivocal resource for identity work. On the one hand, cannabis use is bound up with a story of illegal drug use as risky, linked to addiction and marginalization. On the other hand, cannabis use is surrounded by a subcultural repertoire of stories, in which use symbolizes such qualities as openness, independence and not being conservative.

One of the main contributions in this dissertation is the analysis of cannabis use as associated with masculinity. We argue that cannabis use is linked to a version of masculinity that idealizes being young, free and independent, whilst being settled, dutiful and obedient was devalued. This masculinity differs from the forms described in relation to other drug cultures because it is less competitive, more egalitarian and emphasizes gender equality. This kind of gendering is more open to female enactments of masculinity. Still, female cannabis users were described as remarkable in a manner that men were not. The male users were ‘normal users’; they were inconspicuous because they belonged to the majority. Female users, on the other hand, were noticed because they were “out of place” They were assessed as women who used cannabis—whether this was positively sanctioned or not. This may explain why female users’ main approach to cannabis use was the enactment of more traditional femininities. It may also explain why women tended to talk of cannabis use as less important to them than many of the male users did.

Another important contribution of this dissertation is the analysis of cannabis users as constituting a performance team, cooperating to maintain the story of cannabis as a harmless and pleasurable drug that can be used by most people in a controlled manner. To talk of a desire or a need to quit or cut down is to jeopardize this story. Communicating that you have quit cannabis—or that you want to do so—might be read as a desire to disown your previous way of life, and as a critique of fellow cannabis users. Cessation thus becomes a betrayal to your identity and to your friends who use cannabis.

Still, the participants in this study have reduced their cannabis use, even if they continue to support the story of cannabis as harmless and pleasurable. This indicates that altered practice is not necessarily followed by substantial changes in individuals’ identities. The participants hold on to their stories about non-conventionality even when they have quit or almost quit using cannabis and entered more traditional lifestyle frameworks including setting up a family and taking up full-time work. They do

this by insisting that they still smoke occasionally or might do so in the future. This suggests that interpretative studies directed at understanding how stories about drug use are constructed and what functions they serve are important for the understandings of addiction and drug treatment practices. These perspectives contribute to lay out different nuances to these phenomena than what the biochemical and medical perspectives can offer.



## 1. Introduksjon

Det er jo et signal om at man ikke følger alle regler, liksom. (..) Det er jo et brudd – fordi det ikke er lov – med det folk vil oppfatte som det seriøse, den lovlydige borgeren. Det sier jo at jeg ikke er det. (..) Og folk vet det jo hvis de kjenner meg godt, men de fleste vet det jo ikke. (..) Det er jo ikke en del av min identitet som jeg kan flagge, siden det er ulovlig og siden det kan være direkte farlig i forhold til yrket mitt. Det kan ramme meg profesjonelt. Og de tingene der er jo viktig for meg; å holde de to verdenene adskilt. Men sånn inne i meg så er det helt sikkert en del av en identitet som synes det er bra – eller som gir meg litt kred for å være litt utenfor boksen. Uten å være sånn hasjmisionær. Men jeg synes jo at det er greit, samtidig som jeg er veldig ydmyk på at det er ikke noen edel sak. Det er liksom bare en dårlig uvane som man kan like. Og det er noe jeg kunne gitt opp for en bedre verden, liksom! Hehe.

Temaet for denne avhandlinga er cannabisbruk blant unge vaksne i Noreg og siktemålet er å utforske meiningsdimensjonen ved cannabisbruk. Cannabisbruk representerer eit brot med gjeldande lovverk og, som Selma seier i sitatet ovanfor, symboliserer det i tillegg eit brot med "det seriøse" og viser at ein er "litt utenfor boksen". Cannabisbruk hører til ei anna verd enn den "den lovlydige borgeren" og den profesjonelle arbeidstakaren hører til. For mange er cannabisbruk eit slikt brot med livet innanfor A4-formatet og det er del av ei aktiv distansering frå og søker etter mening i "livet langt fra rekkehuset" som Ivar Frønes (2004: 42) har formulert det.

Cannabisbruk har somme tider blitt snakka om som det perfekte opprøret (Sandberg & Pedersen 2010). Cannabisbruk er på den eine sida ein effektiv måte å opponere mot normalsamfunnet sine oppfatningar av akseptabel rusbruk på, og bruken er vevd inn i førestillingar om ikkje-konformitet og opprør, medan det på den andre sida ofte ikkje har særleg store negative konsekvensar for den enkelte. Cannabisbruk tilbyr dermed ein effektiv måte å markere seg som annleis enn "A4-borgaren", "flinkisane", "strebarane" og "satte", "kjedelege" vaksne. Det kan vere ein måte å vise seg sjølv og andre at ein "ikkje fylgjer alle reglar", "gjer sine eigne val" og "tør å dra på litt". For mange cannabisbrukarar er denne distanseringa frå rekkehuset viktig (sjå t.d. Sandberg 2013, Sandberg & Pedersen 2010).

I forteljingane til dei som vart intervjua i doktorgradsprosjektet mitt synest likevel denne distanseringa først og fremst symbolsk – og sterkt avgrensa. Livsvala til deltakarane skilde seg lite frå "det vanlege"; dei tok utdanning, var i jobb, hadde sambuar og dei venta barn. For mange ligg det også ei dobbeltheit i forholdet til cannabis. Som Selma framhevar i sitatet over, må ikkje cannabisbruk gjerast for viktig eller få for stor plass i livet og i sjølvpresentasjonen. I konkurransen med andre, viktigare saker var Selma villig til å gje det opp, og ho ville ikkje bli sett på som "hasjmisionær". Ho understreka også at ho såg at cannabisbruk kunne vere belastande for andre, sjølv om ho ikkje opplevde at det var det for henne, og at økonomien knytt til cannabis var "skitten og ikke bra". For ein del var derfor cannabisbruk noko dei gjorde "med motvilje iblanda", sjølv om dei hadde stor glede av bruken. I mange av forteljingane var cannabis eit krydder som tilførte eit element av spenning og distinksjon i historia om livet deira. Cannabisbruk utgjer derfor ein kompleks og tvetydig ressurs for identitetsdanning.

### **Sosialt integrerte cannabisbrukarar sine forteljingar om cannabisbruk**

Deltakarane i denne studien er unge vaksne mellom 23 og 40 år som har brukt cannabis over fleire år. Deltakarane sine forteljingar passa tidvis godt innanfor ramma av "rekreasjonell bruk", eit omgrep som i litteraturen vanlegvis blir brukt om sporadisk eller periodisk tilbakevendande bruk knytt til fritid og uteliv. Omgrepet inneber også at rusmiddelbruken skal vere knytt til "nyting" og ikkje verke inn på korleis brukaren fungerer i majoritetssamfunnet (Ravn 2012: 21). I andre delar av forteljingane liknar bruken meir på motsatsen til rekreasjonell bruk; "problematiske bruk", som er kopla til manglende kontroll og avhengigheit. Cannabisbruken deira, samt fylgjene og forståingane deira av den har vore skiftande. Å velje eitt av desse omgrepene som karakteristikk på heile brukarkarrierene deira ville vore problematisk, fordi det dekkjer over variasjonen i erfaringar over tid (sjå også Shildrick 2002). Eg har i staden valt å karakterisere deltakarane med eit omgrep som handlar om den sosiale posisjonen deira; dei er sosialt integrerte cannabisbrukarar (Rødner 2005, Sznitman 2007b). Dette

inneber at deltakarane fylte tre kriterium: Dei var 1) i jobb eller under utdanning og hadde legal inntekt, eit strukturert kvardagsliv og permanent bustad, 2) ikkje i kontakt med behandlingssystemet grunna rusbruken sin, og 3) viss dei brukte illegale rusmiddel på intervjuetidspunktet, skjedde dette på fritida og ikkje i samband med jobb eller studiar (sjå Rødner 2005, Sznitman 2007b).

Sosialt integrerte brukarar av illegale rusmiddel er ei gruppe som vanlegvis ikkje er i fokus i rusforskinga, og det har også vore relativt lite forsking på dei kulturelle sidene ved cannabisbruk både i Noreg og internasjonalt (Pedersen 2009). Forskingsfokuset har gjerne vore på risikofaktorar for å begynne å bruke cannabis og for å utvikle problem (sjå t.d. gjennomgangen i Verweij et al. 2010) og på skadeverknader av bruk (sjå t.d. Bretteville-Jensen 2013, EMCDDA 2012, Moore et al. 2007), medan det har vore forska mindre på kva bruken betyr for dei som bruker stoffet; på kva meiningscannabisbruk har. På same måte som for vanlege sigarettar, kan ein forstå det å røyke cannabis som ein måte å kommunisere gjennom symbol, og som eit middel for å forstå og fortolke seg sjølv. I eit slikt perspektiv vert det interessant å undersøkje cannabis som eit kulturelt objekt meir enn som eit helse- eller risikoobjekt (sjå Ioannou 2003).

Eg undersøkjer korleis unge vaksne som er erfarne, sosialt integrerte cannabisbrukarar, men som ikkje bruker eller ikkje bruker like mykje lenger, snakkar om cannabisbruken sin. Bakgrunnen for å velje å studere cannabisbrukarar som har redusert bruken eller sluttar, var todelt. For det første vart eg oppteken av at det i forskingsfeltet syntest å vere ei semje om at dei fleste som har prøvd cannabis sluttar å bruke stoffet i slutten av 20-åra eller starten av 30-åra (sjå Room et al. 2010: 4-5), men at det var få studiar som gav innsikt i kva som låg bak ei slik endring. Det at mange sluttar i ung vaksen alder vert sett i samanheng med dei større rolleendringane mange går gjennom i den perioden, slik som å verte fulltidsarbeidande, etablere seg med ein livspartner og få barn (Bachmann et al. 1997, Chen & Kandel 1995). Få har likevel studert korleis dette skjer, og det blir framheva at vi har bruk for meir kunnskap om faktorane som fører til at cannabisbrukarar sluttar (Ellingstad et al. 2006, EMCDDA 2007, Terry et al. 2007). Eg

vart særleg oppteken av at det mangla forteljingar frå brukarane om kvifor dei reduserte bruken sin og kva dette betydde for dei.

For det andre er eg særleg interessert i identitetsforteljingar knytt til cannabisbruk. Eg forventa at dei som hadde røykt mykje, men som hadde trappa ned eller slutta, ville vere i ein mellomposisjon der forhandlingar om identitet vart særleg tydeleg, og at dei ville fortelje om cannabisbruken sin både frå eit innanfrå- (som cannabisbrukar) og eit utanfrå-perspektiv (som ikkje-brukar). Det å vere ung vaksen er for dei fleste også ein mellomposisjon; ein periode med mange overgangar. Mange vil til dømes avslutte studiane, etablere seg i arbeidsmarknaden, etablere meir permanente relasjonar til partner og få barn. I fasar prega av mange overgangar, blir identitetsarbeidet med kven ein er, kven ein har vore og kven ein vil verte, særleg viktig (Giddens 1991). Unge vaksne som ikkje røyker (like mykje) cannabis lenger, er dermed ei særleg interessant gruppe for å utforske meiningsdimensjonen ved cannabisbruk.

Det empiriske grunnlaget for avhandlinga er 25 intervju med unge vaksne som har brukt cannabis over fleire år, og som har trappa ned på bruken eller slutta.

Datagrunnlaget i artikkel 3 er utvida med 12 intervju med kvinnelege cannabisbrukarar frå studien til Sveinung Sandberg og Willy Pedersen (2010). Eg vil gjere grundig greie for datamaterialet i metodekapitlet (kapittel 3). Dei fire artiklane har ulike tyngdepunkt og bidreg på ulike måtar til ei utvida forståing av kva dei sosiale og kulturelle betydingane av cannabisbruk kan vere; for individet og i kontekst. Eg undersøkjer temaet empirisk, gjennom kvalitative intervju, og analytisk, med ulike teoretiske perspektiv i artiklane. Prosjektet mitt høyrer såleis til innanfor den empirisk orienterte fortolkande sosiologien.

Individuelle forteljingar om eit liv er viktige fordi individua gjev liva sine narrativ form for å forstå seg sjølve, og fordi individuelle forteljingar er vevde inn i forteljingar på samfunnsnivå. For å forstå samfunnet, eller ein del av samfunnet, må ein finne ut kva for repertoar av legitime forteljingar som finst om eit fenomen og korleis desse har blitt konstruerte. Slike repertoar kan ein få tilgang til gjennom individua sine forteljingar

om sine liv (e.g. Czarniawska 2004a, Gubrium & Holstein 2009, Järvinen 2001, Loseke 2007). Dette inneber at forteljingar om einskildindividet sine erfaringar med å vere ein som har brukt mykje cannabis også fortel noko om synet på og statusen til cannabis på makronivå. Forteljingane er skapt i interaksjon med andre forteljingar i konteksten, slik som forskingsbaserte og folkelege forteljingar om skadeverknader ved cannabisbruk og om særtrekk ved dei som brukar stoffet, forteljingar om den legale statusen til cannabis og om folk sine haldningane til denne. I det neste delkapitlet teiknar eg derfor opp nokre sentrale trekk ved den nasjonale konteksten intervjuet vert gjort innanfor. Først vil eg gå kort igjennom nokre hovudtrekk i helseretta cannabisforsking og kontroversar som vert diskuterte på det feltet, fordi denne forskinga representerer nokre av dei forteljingane om cannabis som intervjudeltakarane sine forteljingar relaterer seg til. Av same grunn vil eg gjere kort greie for den norske mediedebatten om legalisering av cannabis dei siste åra og debatten om normaliseringstesen blant forskarar på feltet.

### Cannabis i kontekst: Problemfokus og samfunnsdebatt

Cannabisbruk er noko mange meiner mykje om, og "sanningane" om stoffet og brukarane er mange og motstridande. Cannabisbruk er interessant både som kulturuttrykk, identitetsmarkør og risikoobjekt. Dei seinare åra har den faglege interessa for cannabisbruk auka i mange europeiske land, både blant forskarar og i behandlingsfeltet (sjå t.d. Bretteville-Jensen 2013, EMCDDA 2013, Room et al. 2010, Sznitman et al. 2008). Innanfor helse- og behandlingsfeltet er det primært interesse for cannabis som eit risikoobjekt, medan denne avhandlinga i hovudsak rettar seg mot dei to første dimensjonane. Eg vil likevel skissere kort litt av den forskinga som rettar seg mot helseeffektar av cannabisbruk, fordi ulike førestillingar og kunnskap om samanhengane mellom cannabisbruk og helse er ein viktig del av brukarar og ikkje-brukarar sine oppfatningar av cannabis og av cannabisbrukarar.

I samanlikning med andre psykoaktive stoff, vert cannabis vurdert som mindre skadeleg enn mange andre stoff, til dømes alkohol (Nutt et al. 2010, Room 2014). Cannabis er mindre giftig enn dei fleste andre stoff som vert brukt for å få ei rusopplevelse, og faren for overdose er minimal (Room et al. 2010: vii). Likevel er det ein del helse- og sosiale problem knytt til cannabisbruk (Bretteville-Jensen 2013, Room et al. 2010), og nest etter alkohol, er det i mange land cannabis som oftast vert oppgitt som hovudproblem blant dei som søker rusbehandling (Room 2014). Meir enn halvparten av dei europeiske landa, også Noreg, har i seinare år etablert behandlingstilbod retta direkte mot cannabisbrukarar, og i mange vestlege land søker stadig fleire behandling for cannabisrelaterte problem (EMCDDA 2013, Hall & Degenhardt 2010).

Ei samanfatting av alle tidlegare publiserte studiar av cannabisstyrke viser at innhaldet av rusgivande stoff i cannabisprodukt er i endring. THC (delta-9-tetrahydrocannabinoidar) er ein av dei cannabinoidane det er mest av i cannabisplanta, og det er denne som er hovudansvarleg for ruseffekten. I viltveksande planter vil THC-innhaldet vanlegvis vere på nokre få prosent, og det er om lag like mykje av ein annan cannabinoid, CBD (cannabidiol). CBD bidreg ikkje til rusverknad, men dempar i staden uønskte effektar, slik som tankeforstyrningar, psykotiske symptom, angst og negative effektar på hukommelse (Bachs & Tuv 2013). THC-nivået i cannabisprodukt har auka dei siste ti åra, medan innhaldet av CBD ikkje har auka tilsvarande (Cascini 2012). Høgare THC-nivå og ubalanse mellom THC og CBD vert nemnt som ei mulig forklaring på auken i rapporterte cannabisrelaterte problem dei siste åra (Bachs & Tuv 2013).

Ei stor utfordring i tolkinga av epidemiologiske studiar er at cannabisbruk korrelerer med bruk av andre stoff som har negative helseeffektar, slik som alkohol og tobakk. Generelt kan ein seie at di meir cannabis ein person bruker, di meir sannsynleg er det at personen bruker andre legale og illegale stoff. Dette gjer det vanskeleg å kunne seie sikkert at enkelte av helseskadane ein cannabisbrukar har, skuldast cannabisbruk (Hall 1999 i Room et al. 2010: 24-25). Innanfor helsefeltet er ein mellom anna bekymra for

samanhengen mellom cannabisrøyking og lungekreft, komplikasjonar i luftvegane, høgare hjarterytme som er kopla til hjarte- og karsjukdom og avhengigheit (Bretteville-Jensen 2013, Room et al. 2010). Mest merksemd er det likevel på koplinga mellom cannabisbruk, kognitive skadar og psykiske lidingar. At "tunge" brukarar har utfordringar i høve verbal læring, minne og merksemd, er av dei mest konsistente funna, men forskarane er ikkje samde om årsakene til desse samanhengane. Debatten dreiar seg om kor vidt desse utfordringane skuldast ruseffekt som heng igjen over lang tid, abstinenseeffektar eller gradvise endringar i hjernen som fylgje av opphoping av THC over tid. Det er også usikkert om endringane er reversible (Room et al. 2010: 30).

Av mulige psykiske skadeverknader av cannabisbruk, har særleg psykotiske lidingar fått stor merksemd (Macleod & Hickman 2010a). Samanhengen mellom cannabisbruk og akutte, psykotiske symptom er godt dokumentert. Det er også godt dokumentert at cannabisbruk kan forverre eksisterande psykotiske symptom (Degenhardt & Hall 2006, Minozzi et al. 2010, Moore et al. 2007). Kor vidt det er rimeleg å tru at det er årsakssamanheng mellom cannabisbruk og varige psykotiske lidingar, som schizofreni, er ein stor debatt på cannabisfeltet (sjå t.d. Macleod & Hickman 2010a og debatten som fylgte denne artikkelen i Addiction). Det er semje om at det ikkje er eintydig bevist årsakssamanheng, men det er usemje om *kor stor grad* av usikkerheit som er knytt til denne samanhengen (Macleod & Hickman 2010b). Fordi ein ikkje greier å finne plausible utanforliggende faktorar som ikkje er kontrollerte for og som kan forklare samanhengen mellom cannabis og psykotiske lidingar, argumenterer ein del forskarar for at det er sterke grunn til å tru at cannabis er ein medverkande årsak til desse sjukdommane enn at det ikkje er det (sjå t.d. Fergusson 2010, Hall & Degenhardt 2010). Andre hevdar at usikkerheita om samanhengen er vesentleg, og at risikoen for å utvikle psykotisk sjukdom uansett er så liten at ein i eit folkehelseperspektiv ikkje bør legge stor vekt på denne (t.d. Macleod & Hickman 2010a). Forskarfellesskapet er såleis splitta i synet på den potensielle risikoen ved cannabisbruk (Room et al. 2010, Solowij 2010).

### **Mediedebatten om cannabis og legalisering**


I media vert debatten om mulige skadeverknader av cannabisbruk ofte forenkla, og den dreiar gjerne over til å verte ein debatt for og mot legalisering: Enten er cannabisbruk ufarleg og bør avkriminaliserast, eller så er cannabisbruk farleg og bør framleis vere forbode (Hall & Degenhardt 2010). Dei siste åra har det vore relativt stor merksemd rundt cannabis i norsk media, og legaliseringdebatten fekk for alvor fart med Willy Pedersen sitt innlegg "Cannabis bør legaliseres" i Morgenbladet 16.10.2009<sup>1</sup>. Eit sok på orda cannabis og legalisering i tidsrommet 01.01.2009-16.04.14 i Atekst Retriever<sup>2</sup> 16.04.14 gav 410 treff i norske papiraviser, medan det same soket i tidsrommet 16.10.2009-16.04.14 gav 398 treff. Før innlegget til Pedersen er det såleis berre 12 treff i Atekst Retriever for 2009, medan det i dei drøye to siste månadane av 2009 var 35 treff.

I åra som har fylgt har debatten auka i styrke. Som figuren under viser, har det fram mot 2012 vore stadig fleire saker om cannabis og legalisering i avisene. Flest treff er det i 2012 (101 artiklar), men i 2014 kan det verte ein ny topp, då soket gjort i den fjerde månaden allereie gav 78 treff. I 2014 legaliserte to amerikanske statar og Uruguay bruk og omsetnad av cannabis som nyttingsmiddel. Dette har ført til fornya interesse for kva for mulige skadeverknader det er av cannabisbruk, og fordelar og ulemper ved endra politikk på cannabisfeltet.

---

<sup>1</sup> Fleire forskrar meldte seg på i debatten som fylgde direkte av dette innlegget. Mellom anna hadde Marie Smith-Solbakken og Hans-Jørgen Weihe innlegg i Morgenbladet 06.11.2009, Jørgen Bramness, Anne-Line Bretteville-Jensen, Hilde Pape og Ingeborg Rossow i Morgenbladet 13.11.2009, Jørgen Bramness i Aftenposten Morgen 15.11.2009, Svanaug Fjær i Morgenbladet 20.11.2009 og i Klassekampen 24.11.2009.

<sup>2</sup> Atekst er eit digitalt nyhetsarkiv, der ein får tilgang til norske papiraviser og andre trykte media <http://www.retriever-info.com/no/category/news-archive/>



*Figur 1 Saker om cannabis og legalisering i norske papiraviser*

Innlegga i dei norske avisene er skrivne av "vanlege" borgarar, politiske representantar på lokalt og nasjonalt nivå, representantar for ulike interesseorganisasjonar på rusfeltet, skribentar frå ulike "tenketankar" og forskrarar. Innlegga viser at cannabisbruk er eit tema som vekkjer stort engasjement og at det er store motsetnader i folket sine haldningar. EMCDDA sin karakteristikk av cannabis som "the drug that divides public attitudes" er treffande (EMCDDA 2013: 12). Dette gjer cannabisbruk til eit spenningsfylt og spennande forskingsfelt, der deltarane sine historier om eigen bruk forheld seg til, forhandlar med og søker å endre dei forteljingane som finst om cannabisbruk og cannabisbrukarar "der ute". Normaliseringstesen er ei av dei sentrale forteljingane i rusfeltet, og mellom forskrarar er det knytt ein stor debatt til denne tesen. Eg vil bruke den fylgjande gjennomgangen av normaliseringsdebatten til å også seie noko om kor mange som bruker cannabis i Noreg og kva som kjenneteiknar erfarne brukarar i statistiske studiar.

### **Normaliseringsdebatten og utbreiing av cannabisbruk i Noreg**

Normaliseringstesen, som vart utvikla av ei forskargruppe ved Manchester University, seier at illegal rusmiddelbruk, og då særleg cannabisbruk, har vorte ein vanleg, tatt for gitt del av liva til unge britar (Parker et al. 1998, Parker et al. 2002). I fylgje denne tesen har rekreasjonell bruk (for nyting, moro, i tilknyting til fritida, utanfor daglege forpliktingar) av illegale rusmiddel vorte meir utbreidd, og bruken er ikkje lenger avgrensa til avvikande og marginale grupper.

Normaliseringstesen har fem hovuddelar, der dei tre første er auka tilgang på stoff, at fleire prøver og at fleire bruker jamleg. Dei to siste punkta handlar om "kulturell normalisering", der illegale rusmiddel vert integrerte i den generelle ungdomskulturen og populærkulturen. Dette inneber ein auka aksept for "fornuftig", "rekreasjonell" bruk av illegale rusmiddel – også blant unge som ikkje sjølv brukar slike stoff. Kulturell normalisering handlar også om at bruk av illegale stoff ofte vert tematisert i filmar, seriar og musikktekstar på ein ikkje-problematiserande måte. Under dette punktet nemner også Parker og kollegaene (2002) at det i den britiske vaksenbefolkinga er fleirtal for avkriminalisering av cannabisbruk.

Konklusjonen til Parker og kollegane var at verken brukarar eller ikkje-brukarar ser illegal rusbruk som nært kopla til sosialt avvik, og at illegal rusbruk derfor ikkje er kulturelt forskjellig frå alkoholbruk lenger. Dei hevda at det ulovlege har vorte normalisert; illegal rusbruk har flytta seg frå subkulturane som utgjer marginane av ungdomskulturen og over i "mainstream-ungdom" sine livsstilar og identitetar. Med andre ord har tydinga av illegal rusmiddelbruk endra seg frå å vere kopla til sosialt avvik og stigma, til å verte kopla til normalitet. Ut i frå dette hevdar Parker og kollegane (1998, 2002) at teoriar om sosiale avvik og subkultur ikkje lenger eignar seg for å forstå unge sin bruk av illegale rusmiddel.

Normaliseringstesen har fått ein svært sentral plass i forskinga på illegal rusbruk blant unge, og den har blitt overført til ei rekke nasjonale kontekstar (t.d. Australia, Canada, Danmark og Sverige: Duff 2003, Duff et al. 2012, Erickson & Hathaway 2010, Järvinen &

Demant 2011, Sznitman 2007b, Wilson et al. 2010). Kritikken mot tesen har likevel vore omfattande, og ein av dei skarpaste kritikarane er Michael Shiner (2009). Sjølv om Parker og kollegane (1998) framhevar at normalisering ikkje berre handlar om at fleire brukar illegale rusmiddel og at normalisering kan skje sjølv om majoriteten i ein populasjon ikkje bruker slike rusmiddel, vert dei kritiserte for å overdrive endringane på populasjonsnivå. Illegal rusbruk er framleis eit klart mindretalsfenomen i dei fleste land. Til dømes tyder populasjonsundersøkingar på at 32,5 % av unge vaksne (15-34 år) i Europa (EMCDDA 2012) og 40 % av amerikanarar over 12 år (Vicente et al. 2008) har prøvd stoffet. I Noreg er den rapporterte førekomensten truleg noko lågare. I ei landsrepresentativ undersøking i 2010 svarte 26 % av 21-30-åringane at dei hadde brukt cannabis nokon gong (SIRUS 2012), medan 38 % av det landsrepresentative utvalet i Ung i Norge-undersøkinga i 2005 svarte det same (snittalder i utvalet var 28 år i 2005) (Pedersen 2009).

Vidare er bruken av livstidsprevalens ("bruk nokon gong") som indikator på normalisering problematisk (Shiner & Newburn 1997, 1999). Om ein i staden for å sjå på tala for kor mange som "nokon gong" har brukt eit stoff, ser på kor mange som har brukt i løpet av eit kortare tidsintervall (t.d. siste år) er førekomstane vesentleg lågare. I Noreg svarte til dømes berre 9 % av 21-30-åringane at dei hadde brukt cannabis i løpet av dei siste seks månadene (SIRUS 2012), medan 11 % av dei spurte i denne aldersgruppa i 2006 sa at dei hadde brukt stoffet meir enn 25 gongar (Lund et al. 2007). Det er såleis ein nokså stor minoritet av unge vaksne i Noreg som har brukt cannabis, men storparten prøver det få gongar og hyppig bruk er mindre utbreidd.

Hilde Pape og Ingeborg Rossow (2004) er kritiske til Parker og kollegane (1998, 1995) sin påstand om at bruk av særleg hasj, men også ein del andre illegale stoff, er like utbreidd blant "vanlege", "konvensjonelle" unge som blant unge med meir problembelasting. Dei er også kritiske til at normaliseringstesen aviser koplinga mellom illegal rusbruk og anna kriminell aktivitet, og dermed ser på teoriar om sosialt avvik og individuell mistilpassing som ueigna for å forstå unge sin bruk av rusmiddel. Gjennom analysar av longitudinelle data frå Ung i Norge-undersøkinga (respondentane

var mellom 19 og 24 år på siste undersøkingstidspunkt), viser dei at sjølv om norsk ungdom som har brukt cannabis eller andre illegale stoff ikkje skil seg ut når det gjeld klassebakgrunn, rapporterte dei i større grad om familievanskar (skilde foreldre, foreldre med alkoholproblem, lite oppfylging frå foreldra og å ikkje kjenne seg fullt ut akseptert av foreldra), psykiske vanskar (angst, depresjon og sjølvordstankar) og at dei hadde vore involvert i andre kriminelle handlingar enn illegal rus bruk.

Medan 22 % av ikkje-brukarane rapporterte psykososiale problem, gjaldt dette 47 % av dei som hadde brukt cannabis og 60 % av dei som hadde brukt hardare stoff (Pape & Rossow 2004). Ein studie av svenske og sveitsiske skuleungdommar indikerer også at cannabisbrukarar har svakare band til foreldre og skule, og at ein større del har vore innblanda i andre typar kriminalitet fleire gongar (Sznitman 2007a). Pape og Rossow (2004) viser til Ward (2002) og stiller spørsmål om ein del samfunnsvitskaplege forskrarar har vore for ivrige etter å kome vekk frå problemfokuset som har dominert rusforskinga, sjølv om dette framleis kan vere relevant. Dei konkluderer med at biletet av den "vanlege, veltilpassa" cannabisbrukaren ikkje passar godt med data frå Ung i Noreg-undersøkinga.

Også Willy Pedersen (2009) har vore oppteken av koplingane mellom marginalisering og cannabisbruk. Han har brukt longitudinelle data frå Ung i Noreg-undersøkinga for å finne ut kva som kjenneteikna dei som brukte cannabis i tenåra og om dette endra seg når ein ser på dei som framleis brukte cannabis i slutten av 20-åra. I tenåra var rekrutteringsbasen for cannabisbruk tvetydig. Indikatorar på marginalitet hos foreldra (slik som låg klasse, arbeidsløyse, lever av offentleg stønad) spelte ikkje inn, medan det å ha foreldre med utdanning utover grunnskulen korrelerte positivt med cannabisbruk i tenåra. Indikatorar på ulike familieproblem spelte likevel inn. Det å ha foreldre med alkoholproblem, skilde foreldre og å oppleve at ein fekk lite oppfylging og støtte frå foreldra, hang saman med cannabisbruk fram til 21-års alder. I løpet av 20-åra vart biletet av cannabisbrukarane meir einsarta. Dei 13 % som hadde brukt cannabis i løpet av det siste året då dei var 28 år gamle, tenderte mot å ha lågare utdanning, vere arbeidsledige, ha lågare inntekt og vere einslege. Det var også fleire menn enn kvinner i

denne gruppa. Resultata frå denne studien tyder dermed på at det er ei meir spesiell gruppe som brukar cannabis i slutten av 20-åra enn dei som bruker i tenåra og tidleg i 20-åra (Pedersen 2009). Desse funna tyder på at cannabisbruk framleis er kopla til marginalisering i norsk kontekst, og at særleg bruk i vaksen alder ikkje er normalisert.

Eit endå viktigare punkt i kritikken mot normaliseringstesen er at ein blandar normalitet og frekvens (Shiner & Newburn 1999). Dei peikar på at normativ oppførsel ikkje er samanfallande med "vanlegast oppførsel", men i staden er den oppførselen som samsvarar med ålmenne forventingar. Skilnaden mellom "normativ" og "utbreidd" vert ofte oversett i diskursen om unge sin rusmiddelbruk. Sosiale normer har utgangspunkt i verdiar og haldningar heller enn i handlingar (Shiner & Newburn 1997: 519). Korleis unge menneske tenkjer om rusmiddelbruk er vel så viktig som kva dei faktisk gjer. Dei trekkjer fram eit døme frå eiga forsking, der ungdommane i hovudsak såg på illegal rusmiddelbruk som ein potensielt problematisk aktivitet som det var viktig å ha strenge restriksjonar rundt. Både ungdommane som brukte illegale rusmiddel og dei som ikkje gjorde det uttrykte slike haldningar. Den største skilnaden mellom gruppene var at brukarane hadde utvikla nøytraliserings teknikkar som gjorde dei i stand til å halde fram med bruken utan å bryte med oppslutnaden om majoritetssamfunnet sine verdiar, medan ikkje-brukarane ikkje gjorde dette (Shiner & Newburn 1997). Sjølv om det å ha prøvd illegale rusmiddel, og då særleg cannabis, er ei relativt vanleg erfaring i mange land, treng såleis ikkje dette å bety at verken brukarar eller ikkje-brukarar ser på bruk av slike stoff som normalt, sosialt akseptert eller uproblematisk.

I ein studie av norske cannabisbrukarar, identifiserer Sveinung Sandberg (2012) liknande motsetningar mellom cannabisbruk som akseptert og utbreidd. Tre diskursive repertoar var vanlege i forteljingane. Det første er "normaliseringsdiskursen", som inneheld utsegner av typen "alle brukar cannabis" og "cannabisbrukarar er ikkje forskjellige frå ikkje-brukarar". Slike historier er svært vanlege og kjem i mange variantar. Det andre repertoaret er "cannabiskulturdiskursen" som koplar cannabisbruk

til det naturlege, organiske, autentiske og til opposisjon. Medan normaliseringsdiskursen legg vekt på likskap mellom brukaren og ikkje-brukaren, legg denne forteljinga vekt på skilnad. Brukarar er fritt-tenkande, opne menneske som evnar å tenkje sjølv og kan ta utradisjonelle val. Det tredje diskursive repertoaret er "avvising av risiko".

Både utsegner frå normaliseringsdiskursen og frå cannabiskulturdiskursen kan somme tider lesast som avvising av risiko. Dette kan til dømes vere utsegner som "dersom alle bruker cannabis kan det ikkje vere så farleg" eller "cannabis er ei plante, så det kan ikkje vere så farleg". I tillegg kjem utsegner som handlar om retten til å gjere som ein vil så lenge ein ikkje skadar andre, og relativisering av risiko, ved at ein samanliknar med andre rusmiddel eller med andre former for kriminalitet. Sandberg (2012) peikar på at alle desse tre diskursane kan lesast som svar på stigmatisering; som responsar på forsök på sosial kontroll. Sjølv om både det å ha prøvd cannabis og det å *snakke om* cannabis som normalisert er vanleg, tyder intensiteten i normaliserings- og cannabiskulturdiskursane og hyppigheita av risikoavvisingsstrategiar på at cannabisbruk ikkje er kulturelt normalisert i norsk kontekst. Dersom cannabisbruk i stor grad var vanleg og kulturelt akseptert, ville ikkje brukarane stadig forsvert bruken.

Samla sett stiller dei norske forskarane som har studert normaliseringstesen seg kritiske til påstanden om at det har gått føre seg ei utbreidd normalisering av cannabisbruk i norsk kontekst. Artiklane som er baserte på Ung i Noreg-undersøkinga (Pape & Rossow 2004, Pedersen 2009) peikar mot at mange unge prøver cannabis og at vi finn desse i alle sosiale lag, men at bruk framleis er kopla til ein del problemindikatorar. Fortsatt bruk i vaksen alder er for mange knytt til marginalisering. Likevel er altså cannabisbruk relativt utbreidd, fleire profilerte personar er tilhengjarar av stoffet, og mange ser ikkje på bruk som særleg problematisk. I brukarane sine forteljingar er cannabis kopla til positive eigenskapar som openheit og sjølvstende, til opprør mot det etablerte og det å skilje seg ut frå mengda (Sandberg 2012, 2013, Sandberg & Pedersen 2010). Cannabisbruk har dermed fleire og motstridande tydingar, og ei restriktiv, risikofokusert forteljing om cannabisbruk eksisterer parallelt med ei

liberal subkulturell forteljing, der mellom anna normaliseringstesen er eit viktig element (jamfør artikkel 1). For å forstå kvifor folk bruker cannabis og kvifor dei trappar ned eller sluttar må vi studere desse tydingane og forteljingane. Eit kulturelt perspektiv på cannabisbruk vert dermed viktig.

### Prosjektet mitt

I denne avhandlinga er ikkje fokuset på potensielle helseeffektar av cannabisbruk, førebygging av rusproblem eller politikkutforming. Målet er i staden å forstå kva for sosiale og kulturelle betydingar cannabisbruk kan ha for individet og i kontekst.

Gjennom å undersøkje unge vaksne sine forteljingar om kva det betyr å bruke og å slutte å bruke cannabis, ønskjer eg også å seie noko om posisjonen til cannabisbruk i samfunnet vårt. Dette er basert i eit narrativt perspektiv, der forteljingar ikkje berre reflekterer individuelle erfaringar, men også er forteljingar i og om samfunnet.

Forteljingane om liva våre, om verda og om hendingane i denne er integrerte delar av samfunnet (Gubrium & Holstein 2009: xi).

Alle artiklane handlar på ulike måtar om kva cannabis betyr og korleis forteljingar om bruken er knytt til identitetsarbeid. Avhandlinga har utgangspunkt i ein konstruktivistisk grunnlagsposisjon, der identitet vert forstått som noko som er uavslutta og aktivt, og som heile tida vert skapt og gjenskapt av individua i dei ulike kontekstane dei er del av (Jenkins 2008). Skapinga av identitet er ikkje kulturelt fristilt, men er ramma inn av og verkar saman med sosiale og kulturelle mønster som igjen vert påverka av dei individuelle handlingane (Frønes 2004). På kva måte cannabisbruk kan bidra til ein person si oppfatning av kven ein er, er avhengig av kontekst; kor vanleg er bruken, kva kjenneteiknar andre brukarar, korleis vert brukarar sett på, kva status har stoffet i samfunnet der bruken finn stad. Alt dette må ein seie noko om for å seie noko om identitetsdanning blant cannabisbrukarar – og vice versa. Å forstå korleis det vert opplevd å vere ein som bruker cannabis og på kva måte dette er viktig i

sjølvforteljingane, er nødvendig for å forstå kva posisjon cannabisbruk har i det norske samfunnet.

Avhandlinga består av fire artiklar som eg rammar inn i denne kappa. I den første artikkelen er eg oppteken av å finne dei dominerande forteljingane om det å vere ein cannabisbrukar og korleis intervupersonane brukar desse i sjølvforteljingane sine. I denne artikkelen er det narrative perspektivet sentralt. Vi identifiserer fire dominerande narrativ om cannabisbrukarar og undersøkjer korleis desse vert brukte og kombinerte i intervjuet. I den andre artikkelen identifiserer eg typiske forteljingar om det å kontrollere og redusere bruken av cannabis og diskuterer kva for funksjonar bruken av dei ulike forteljingane har i individuelle sjølvforteljingar. Her er identitetsteori den viktigaste forståingsramma, men det narrative perspektivet ligg til grunn for utforskinga av kva for ulike historier om å kontrollere cannabisbruken som er sentrale i intervjuet. I den tredje artikkelen undersøkjer vi kva for posisjonar kvinnelege brukarar har i nettverk av cannabisbrukarar, og korleis dei *gjer* feminitet og maskulinitet gjennom cannabisbruk. Den teoretiske ramma for denne artikkelen er *doing gender*-perspektivet og kjønnsforskning knytt til illegale rusmiddel. Den fjerde artikkelen er ei metodologisk drøfting av korleis cannabisbruk kan forståast som eit sensitivt forskingstema og cannabisbrukarar som ei sensitiv informantgruppe, og kva for konsekvensar dette har for rekrutteringsprosessen og intervjustituasjonen. Ideen om intervjuarnøytralitet og intervjudata som samproduserte mellom forskar og deltar vert drøfta i denne artikkelen.

Eg har delt denne innramminga i fire kapittel. Først introduserer eg den teoretiske og analytiske konteksten for studien og dermed artiklane (kapittel 2). Deretter skildrar eg den metodologiske framgangsmåten (kapittel 3), før eg introduserer dei fire artiklane og skildrar korleis dei er kopla saman og kva det samla bidraget er (kapittel 4).

## 2. Teoretiske perspektiv: Subkultur, narrativ, identitet og kjønn

Ein stor del av rusforskinga handlar om kor mange som bruker kor mykje av ulike stoff (epidemologisk forsking) eller om eigenskapar ved stoffa og skadeverknader av desse (bio-kjemisk, medisinsk forsking). For å forstå kva rusmiddelbruk handlar om; kvifor menneske vert tiltrekte av, eksperimenterer med, har glede av, finn mening i, opplever problem i samband med og avgrensar bruken av rusmiddel, må vi i tillegg ha fortolkande studiar som fokuserer på dei kulturelle sidene ved rusmiddelbruk.

Kultur kan forståast som eit repertoar av forteljingar, symbol, ritual og verdssyn, som menneske bruker ulike delar av, i varierande grad og på ulike måtar i sine fortolkingar og handlingar. Kulturar er ikkje einsarta system som slusar handlingane våre i same retning, men inneheld i staden mange og motstridande forteljingar og handlingsalternativ (Swidler 1986). Subkulturomgrepet søker å fange delar av denne variasjonen, og illegal rusbruk er eit av dei fenomena som ofte vert forklart i lys av subkulturteori. Bruk av andre rusgjevande nyttingsmiddel enn alkohol utgjer ein markert skilnad frå hovudkulturen i norsk kontekst, både ved at bruken er ulovleg og ved at bruken er mindre utbreidd i dei fleste delane av samfunnet. Subkulturteori er derfor ein viktig del av rammeverket for analysane i denne avhandlinga. Dei andre sentrale delane i rammeverket er narrativ teori, identitetsteori og kjønnsteori. Sjølv om dette er fire ulike og mangfoldige teoretiske retningar, er det viktige koplingar mellom dei og dei utfyller kvarandre.

Den narrative tilnærminga ligg til grunn både for forståinga av subkultur og identitet i artiklane. Narrativ skaper identitet på alle nivå av sosialt liv; både kulturelle identitetar (makro), identitetar knytt til organisasjonar og institusjonar (meso) og personlege identitetar (mikro) (Loseke 2007). Narrativa er også det berande elementet i (sub)kulturar (Sandberg & Tutenges 2015). Både narrativ og subkulturar skaper, reproduserer og reflekterer dei forhandlingane om tilhørsle og avstand som identitet handlar om. Forståingane av narrativ, subkultur og identitet er dermed tett vevde

saman og utgjer til saman ei integrert teoretisk ramme for å forstå dei sosiale og kulturelle tydingane av cannabisbruk.

Samstundes er kulturar, narrativ og identitet prega av konteksten dei er del av; dei vert farga av strukturelle faktorar som etnisitet, klasse og kjønn. Deltakarane i studien er kvite og storparten kjem frå og aspirerer til middelklasseposisjonar, og desse strukturelle variablane er såleis ikkje dei som mest tydeleg skaper skilnader i forteljingane. Kjønn peikar seg i staden ut som den mest påfallande strukturvariabelen i data, og i artikkel 3 utforskar vi på kva måtar cannabisbruk er kjønna. I det fylgjande vil eg først gjere greie for subkulturomgrepet og på kva måtar dette er nyttig for å forstå cannabisbruk. Deretter skildrar eg den narrative tilnærminga eg trekkjer på i arbeidet mitt og kva for sider av identitetsdanning eg er oppteken av. Til sist i dette kapitlet gjer eg greie for kjønnsperspektivet som ligg til grunn for avhandlinga.

### Cannabis som subkultur

Omgrepet subkultur siktar til grupper som vert sett på som uvanlege og/eller marginale gjennom sine særegne interesser og praksisar; gjennom kva dei er, kva dei gjer og korleis dei gjer det (Gelder 2005b: 1). Tidlegare var subkulturtuinærminga, slik den vart utvikla av Birminghamskulen (Centre for Contemporary Cultural Studies) på 1970-talet, dominerande innanfor studiar av ungdomskultur (sjå Hall & Jefferson 1993). Mykje av subkulturforskinga handla om stilbaserte og symbolsterke ungdomsgrupper, slik som Teddy-boys, mods og skinheads, og om subkulturar som stod i opposisjon til det etablerte samfunnet eller protesterte mot strukturelle endringar, til dømes mot oppløysinga av tradisjonelle arbeidarklasse-lokalsamfunn i England etter andre verdskrig (Bennett 1999). Klasseperspektivet har vore viktig innanfor denne tradisjonen, og eit etablert mål har vore å forklare samanhengane mellom sosiale skiljelinjer, sosial ulikskap og ungdomskultur (Shildrick & MacDonald 2006).

På 2000-talet har det likevel vore retta mykje kritikk mot subkulturperspektivet. Kritikken handlar mellom anna om at subkulturomgrepet overdriv likskapane mellom

deltakarane i gruppa, i for stor grad antyder forplikting til og stabilitet i medlemskapet (sjå Bennett 1999, Gelder 2005a, Muggleton 2000, Shildrick & MacDonald 2006), og at det har blitt eit "catch-all" omgrep der innhaldet er uklart (Bennett 1999). Kritikarane hevdar at dagens ungdomskulturar er meir flytande, at dei er organiserte rundt skiftande individuelle livsstils- og forbrukarval, og at konstruksjonane av identitet i mindre grad enn tidlegare er kopla til strukturelle faktorar som sosial klasse. Innanfor "post-subkulturstudiane" bruker ein i staden omgrep som "scener", "neo-tribes" og "livsstilar" for å fange betydingane av unge sine kulturelle preferansar og stiluttrykk (Shildrick & MacDonald 2006).

Dersom ein forstår subkultur som ei tydeleg avgrensa gruppe individ, er omgropet lite eigna til å femne cannabisbrukarar. Cannabisbruk er utbreidd og skjer i og på tvers av ulike grupperingar (jf. Matthews, 2003 i Sandberg & Pedersen 2010: 31). Det er heller ikkje slik at cannabisbrukarar kan identifiserast ut i frå tydelege stiluttrykk, slik ungdomsgruppene i klassiske subkulturstudiar kunne (t.d. skinheads i Clarke 1993, eller mods i Hebdige 1993). Om ein i staden tek utgangspunkt i Ann Swidler (1986) si forståing av kultur som eit verktysett av symbolske former, er subkultur likevel eit fruktbart omgrep for å femne cannabisbruk. Sandberg og Pedersen (2010) legg fram ein justert definisjon av subkultur som er i tråd med dette. Ut i frå deira definisjon kan ein snakke om subkultur utan å måtte vise til ei klart definert gruppe menneske:

En subkultur er en samling ritualer, narrativer og symboler. De kretser rundt bestemte forestillinger om verden og er ofte knyttet til generelle kulturelle strømninger i samfunnet. Personer og grupper internaliserer og kroppsliggjør i større eller mindre grad deler av subkulturen. De utnytter den også, i kreative iscenesettelser av seg selv (Sandberg & Pedersen 2010: 32).

I denne definisjonen er det ikkje personar som er analyseeininga, men situasjonar, forteljingar og symbol knytt til bruk av cannabis. "Cannabiskultur" er heller ei samling av verkty som brukarane kan bruke, og bruker, i større eller mindre grad, i sine praksisar og forteljingar om seg sjølve.

Denne bruken av subkulturomgrepet fungerer godt, fordi den hjelper oss å fange fellesnemnarane i det kulturelle fenomenet – utan at alle som bruker cannabis må seiast å ha felles kjennemerke. Cannabisbruk inneber ikkje at ein må sjå ut, snakke, oppføre seg eller "vere" på bestemte måtar, men det finst forteljingar om slike måtar som ein kan trekke på. Cannabiskultur vert primært skapt og reproduusert gjennom forteljingane den har om seg sjølv (Sandberg & Pedersen 2010: 41). Narrativa seier noko om korleis og kvifor ein bruker cannabis, og ved hjelp av retoriske forteljargrep rettferdiggjer forteljingane også bruken moralsk. Typiske narrativ i cannabiskulturen handlar til dømes om styresmaktene sin manglande kunnskap og propaganda om cannabis på den eine sida og hasjrøykarane si spesielle innsikt på den andre sida, den negative korrelasjonen mellom cannabis og aggressivitet, samt samanlikningar med alkohol.

Sandberg og Pedersen (e.g. Sandberg 2010a, 2013, Sandberg & Pedersen 2010) argumenterer for at dei symbolske strukturane til cannabis er knytt til det å vere annleis, og at dette særleg handlar om politisk opposisjon, solidaritet og natur. I mitt materiale er det særleg ein uklar opposisjon mot mainstream som er den berande symbolske strukturen, medan koplingane til politikk, solidaritet og natur er mindre framtredande trekk i forteljingane. Det opposisjonelle elementet er likevel svært viktig, og det viser seg gjennom at cannabisbruk blir vevd inn i tydingar som å gjere eigne val, tenkje og bestemme sjølv, ikkje gjere som alle andre, og å tote å gjere ting ikkje alle andre gjer. I artikkel 2 teiknar eg opp dette som ei av dei sentrale forteljingane når intervjudeltakarane snakkar om å slutte eller redusere bruken sin, og i artikkel 3 viser vi korleis denne tydinga av cannabis er knytt til maskulinitet.

Samstundes som opposisjon er viktig i forteljingane til mine deltakarar, er også normalitet og meistring av krava til majoritetssamfunnet sentralt. Dette kan vi forstå i lys av David Matza og Gresham Sykes (1961) sin kritikk av førestillinga om at personar som er involverte i mindre alvorlege lovbrot (delinquency) lever i eit antagonistisk forhold til majoritetssamfunnet. Matza og Sykes (1961) hevda i staden at desse individua

vanlegvis støttar dei same normene og verdiane som andre, men at dei er sterke tiltrekt av "subterranean values". Subterranean values er "underjordiske", skjulte verdiar som å vere leikande og søkje spenning og sterke opplevingar. Slike verdiar finst i alle sosiale grupper, men dei fleste lever dei berre ut i sterkt avgrensa periodar og situasjonar. Dei som er knytt til ein subkultur rundt mindre lovbrot ("the subculture of delinquency") lever i eit spenningsfelt mellom konvensjonalitet og lovbrot; dei flørtar med begge sidene og utset å forplikte seg til den eine eller den andre av desse.

I perspektivet til Matza og Sykes (1961) er det ikkje slik at "the subculture of delinquency" føreset lovbrot, sjølv om den opnar opp for det. Fordi deltakarane i denne subkulturen deler verdiane til normalsamfunnet, må dei finne måtar å handtere skuldkjensla knytt til sosiale avvik. Slike nøytraliseringsteknikkar hjelper individua til å rasjonalisere handlingar som avvik frå normene og verdiane i normalsamfunnet, utan å gå vekk frå oppslutnaden om desse. Denne måten å forstå sosiale avvik på, der individ som er involverte i avvikande handlingar likevel sluttar opp om majoritetssamfunnet sine normer og verdiar, er nyttig for å forklare kvifor lovbrot og bruk av illegale rusmiddel for mange er forbigåande og tek slutt i ung vaksen alder (Shiner 2009: 17-18). I deltakarane sine forteljingar om å ha trappa ned eller sluttat i artikkel 2, ser vi særleg tydeleg slike forhandlingar mellom konvensjonalitet og ikkje-konformitet. Denne spenninga finn vi også mellom dei dominerande forteljingane om cannabisbrukarar som vi teiknar opp i artikkel 1. I artikkel 3 utforskar vi korleis cannabiskultur er maskulint koda, og "subterranean values" er del av denne kodinga.

Cannabisbruk vert dermed forstått som eit subkulturelt fenomen i denne studien. Forteljingane om stoffet og om brukarane er det sentrale elementet i denne subkulturen, og brukarane nyttar desse narrativa i varierande grad og på ulike måtar i forteljingar om seg sjølv. Dei subkulturelle narrativa blir brukte i forhandlingar mellom normalitet og avvik, mellom tilhøyrsla og avstandstaking frå majoritetssamfunnet i deltakarane sitt identitetsarbeid. Ut i frå denne forståinga av subkultur blir det også nødvendig å gå nærrare inn i korleis narrativ kan studerast og kva dei kan fortelje noko

om. I det neste delkapitlet gjer eg derfor greie for kva narrativ analyse kan vere og på kva måtar prosjektet mitt har hatt ei narrativ tilnærming.

### Ei narrativ tilnærming til forteljingar om cannabisbruk

*... narrative is present in every age, in every society; it begins with the very history of mankind and there nowhere is nor has been a people without narrative. All classes, all human groups have their narratives* (Barthes 1977: 79).

Det å lage forteljingar om hendingar og handlingar i liva våre er ein grunnleggande måte å forstå oss sjølv og verda rundt oss på. Tankar, erfaringar og identitetar vert formidla gjennom forteljingar, og det er gjennom dei vi skaper mening i tilveret (t.d. Andrews et al. 2008, Czarniawska 2004a, Gubrium & Holstein 2009, Riessman 2008b). Hendingar og handlingar blir gitt mening gjennom å bli plasserte i ei forteljing om eit liv, og vi koplar saman fortid og notid, oss sjølv og andre gjennom forteljingar (e.g. Czarniawska 2004a, Lawler 2002).

Kva slike narrativ kan seie oss om verda og korleis dei kan studerast er det likevel stor usemje om. Det er heller ikkje semje om korleis ein definerer narrativ og narrativ analyse. Det narrative forskingsfeltet er karakterisert av stor grad av variasjon og kompleksitet. Dette vert oppsummert i følgjande sitat av to erfarte forskarar på feltet; "There is no single way to do narrative research, just as there is no single definition of narrative" (Riessman 2008a: 155), og "I do not think that there exists anything that must, should, or ought to 'be done' to narratives. (...) Much more important than a specific interpretative or analytical technique is the result: an interesting recontextualization" (Czarniawska 2004a: 135).

Catherine Kohler Riessman (2008a: 152) åtvarar likevel mot det ho oppfattar som ein alt for omfattande og lausleg bruk av "narrativ", der omgrepene omfattar "anything beyond a few bullet points; when someone speaks or writes more than a few lines, the outcome is now called narrative". Ho tilrår alle som plasserer forskingsprosjekta sine innanfor ei narrativ tilnærming å stille seg tre spørsmål. For det første: *Korleis blir omgrepene narrativ brukt i prosjektet? Kva for ein av dei mange mulige definisjonane på*

*narrativ passar i dette konkrete prosjektet?* For det andre: *I kva grad vert språk og form i forteljingane undersøkt?* Det siste spørsmålet handlar om viktigheita av kontekst i fortolkingsprosessen; *Kva utgjer kontekstane? I kva grad er den lokale intervjukonteksten og den større sosiale konteksten som omgjev den narrative teksten tekne med i analysane?* I dette kapitlet vil eg svare på desse spørsmåla for mitt prosjekt. Eg startar med å kort teikne opp det vitskapshistoriske opphavet til narrativ analyse, før eg forklarer kva for definisjon av narrativ eg jobbar ut i frå og kva for type narrativ tilnærming eg plasserer prosjektet mitt innanfor.

Narrativ analyse har opphav i litteraturteori og særleg narratologi, og har frå 1990-talet gradvis fått større plass i sosiologien (Czarniawska 2004a: 3). I likskap med diskursanalyse, spring narrativ analyse ut av den narrative (eller lingvistiske) vendinga i samfunnsvitskapane (Silverman 2004). Den narrative vendinga innebar at språket si rolle i konstruksjonen av røyndom vart sentral. Heller enn å forstå språket som ei direkte spegling av ein røyndom "der ute", begynte ein å sjå på kva språket gjer i samfunnet og i sosial interaksjon. Ein begynte å studere språket som eit sosialt verkty som vert brukt til å kategorisere, gje namn til ting og personar, og få ting til å hende. I narrativ analyse innanfor samfunnsvitskapane er ein oppteken av korleis meining vert konstruert og kva for funksjonar ytringane har; Kven seier kva, til kven og med kva formål? Dermed blir også dei historiske, sosiale og lokale kontekstane som ytringane finn stad innanfor viktige.

Eit narrativ er ein presentasjon der fleire hendingar og handlingar er plasserte i forhold til kvarandre slik at dei dannar ein meiningsfylt heilskap. Det er ei forteljing med eit *plot* som gjer at handlingane vert forståelege i den aktuelle konteksten (sjå t.d. Czarniawska 2004a, 2004b, Lawler 2002, Riessman 2008b: 5-7). Denne definisjonen byggjer på ei forståing om at menneskelege handlingar og ytringar er meiningsberande, og at ein ikkje kan forstå individua sine handlingar utan å leite etter intensjonen bak. Samstundes blir intensjonen forma av det som er omkring: For å kunne forstå intensjonane bak handlingane, må ein forstå konteksten handlinga finn stad innanfor (Schütz, 1973 i Czarniawska 2004a: 4). Målet med narrativ analyse er

såleis å forstå korleis forteljingane vert skapte i dialog med konteksten; kva for innverknad den breiare sosiale konteksten, den lokale interaksjonskonteksten, samt forteljaren og tilhøyraren sine sosiale posisjonar, har på forteljingane som vert skapte i intervjustituasjonen (sjå t.d. Czarniawska 2004a, Lawler 2002, Riessman 2008b).

Narrativ analyse er ikkje ein einskapleg metode, men heller eit samleomgrep for fleire ulike metodologiske tilnærmingar (Czarniawska 2004a). Lieblich med kollegaer (1998) set opp to dimensjonar som ulike variantar av narrativ analyse plasserer seg langs: a) *holistisk versus kategori/temasentrert* og b) *innhald versus form*. I kvar ende kan ein sjå klare skilnader i tilnærmingane, men mange studiar plasserer seg ein stad rundt midten av desse dimensjonane. Dei fleste narrative studiar har fokus både på innhald og form; både på kva som vert fortalt og korleis. Vidare er dei fleste holistiske; ein prøver å bevare strukturen i forteljingane og rettar merksemda mot korleis hendingar vert sett saman og ordna i ei rekkefølge. Eit tredje trekk er at ein i narrative studiar ofte avgrensar kor mange forteljingar dei analyserer og presenterer funna i form av case (Riessman 2008b). Dette er nødvendig viss ein ønskjer å gå i detalj på korleis ei forteljing vert skapt.

Eg vart først oppteken av narrativ tilnærming som eit metodologisk grep i innsamlinga av data. Intervjuet som ligg til grunn for denne avhandlinga er livshistorieintervju knytt til eit bestemt tema; eg har vore ute etter kvar deltakar si "livshistorie" knytt til cannabisbruk. Prosjektet mitt kan plasserast nærmere den kategori/temasentrerte enden av aksen enn den holistiske. Innanfor den temasentrerte narrative tradisjonen er forskaren interessert i biografien til forteljaren, men det analytiske fokuset er avgrensa til den delen av livet som handlar om forskingstemaet (Riessman 2008b). Intervjudata i denne studien er diakrone. Det vil seie at dei skildrar når hendingane fann stad og effektane hendingane hadde på seinare hendingar; på når og kvifor handlingar vart gjort og kva som var intensjonen med handlingane. Denne type data er typiske innanfor narrative tilnærmingar. Andre tilnærmingar innanfor kvalitativ analyse er ofte basert på synkrone data, der fokuset er på den noverande situasjonen og

oppfatningane til informantane og utan "the historical and developmental dimension" (Polkinghorne 1995: 12).

I temasentrerte analysar ligg ofte hovudvekta på "det som blir fortalt"; på hendingane og oppfatningane språket refererer til. Slike analysar ligg dermed nærmere innhaldsenden av aksen enn form-enden, då språket, forma og interaksjonen i seg sjølv får mindre vekt. I temasentrerte analysar er det vanleg at sitata som vert brukte i den ferdige teksten til ei viss grad er "reinsa" for å gjøre teksten lettare å lese. Til dømes ved at avbrytingar og småord utan mening er tekne vekk (Riessman 2008b: 58). I fylgje Riessman (2008b) har denne retninga mykje felles med kategorisentrert analyse i grounded theory og med fortolkande fenomenologisk analyse. Den primære interessa er å generere tematiske kategoriar på tvers av individua, sjølv når individuelle historier blir bevarte og grupperte og arbeidet sorterer innanfor den narrative forskingstradisjonen (Riessman 2008b: 62).

Riessman (2008a: 59) kritiserer studiar innanfor den temasentrerte retninga for ikkje synleggjere forskaren som aktiv medprodusent av historiene, og for å ikkje legge vekt på korleis intervjuhistoriene vert til. Lesaren får dermed ikkje innsikt i den lokale konteksten; i produksjonstilhøva for narrativa. Denne kritikken treng likevel ikkje treffe alle temasentrerte narrative analysar. Om ein legg Lieblich og kollegaer (1998) si dimensjonstrekking til grunn, kan analysane vere i større eller mindre grad temasentrerte og i større eller mindre grad innhaldsfokuserte.

I praksis har eg opplevd det som vanskeleg å gje innhald og form like stor vekt i analysane, og kanskje særleg når resultata skal presenterast i form av tidsskriftartiklar med strenge ordgrenser. Eg har valt ei temasentrert narrativ tilnærming der framstillingane i artiklane legg meir vekt på kva som vert sagt enn korleis. Likevel er eg i alle artiklane oppteken av kva forteljingane gjer; av korleis narrativa vert brukte og kva intervjudeltakarane oppnår med å fortelje og kombinere ulike forteljingar. Eg er også oppteken av korleis intervjuforteljingane vert skapte i dialog med konteksten, og då særleg den større sosiale konteksten i form av lovgjeving og kulturelle oppfatningar

om illegal rusmiddelbruk og brukarane av slike stoff. Den lokale intervjukonteksten vert eksplisitt diskutert der dette synest særleg viktig. I metodekapitlet diskuterer eg nærmere dilemmaet mellom analyser av innhald og form, samt korleis eg har prøvd å løyse dette praktisk i artiklane.

#### Kva kan personlege narrativ fortelje oss noko om?

Ei vanleg innvending mot narrativ analyse, og sosialkonstruktivismen generelt, er at ein kan få inntrykk av at individua kan fortelje akkurat dei historiene dei vil om seg sjølv og på den måten skape liva sine som dei vil. Til dette innvender mellom andre Lawler (2002: 242–243) at individua fortel forteljingane sine innanfor ein kontekst av kulturelle narrativ som set grenser for kva som kan verte sagt, kva for historier som kan forteljast, kva som vil telje som meiningsfylt og kva som vil oppfattast som å ikkje gje mening. Meining vert konstruert i den lokale konteksten, frå minutt til minutt, men alltid på måtar som reflekterer dei diskursive omgjevnadene. Forskingsdeltakarane kan ikkje velje frå ei uendeleig mengde av språk og mening; dei bruker måtar å tenke på og måtar å presentere seg sjølv på som dei har lært og brukt andre stader (Sandberg 2010b: 455).

Individua sine forteljingar er såleis meir enn biografiske narrativ; dei er på same tid forteljingar om den sosiale verda individua er del av (Gubrium & Holstein 2009, Lawler 2002: 243, Sandberg 2010b). Forteljingane er representasjonar av den sosiale verda, og dei kan derfor hjelpe oss å forstå verdiar, identitetar, kulturar og samfunn, og korleis desse er vevde saman (Sandberg 2010b: 455). I måtane intervupersonane snakkar om cannabisbruk på i intervjuet, bruker dei av dei kulturelt tilgjengelege måtane å gjere dette på, og dei forhandlar med den vidare sosiale konteksten. Forteljingane som vert produserte i intervjuet fortel dermed også noko om verda utanfor intervjuet. Dei fortel om den norske konteksten for cannabisbruk; om korleis det er mulig å snakke om cannabisbruk og cannabisbrukarar på; om kva som er kulturelt dominerande, aksepterte og omstridde måtar å forstå fenomenet på.

Det å studere intervjudata som narrativ kan vere ein måte å overkome den falske dikotomien der det som vert fortalt i intervjuet anten vert sett på som ein "korrekt" og uproblematisk refleksjon av levde erfaringar, eller som bevisst fordreia og usant; "a distortion screen that always projects experience out of its own categories" (Ezzy 2001: 24 i Lawler 2002: 243). Det er ikkje slik at det i narrative tilnærmingar er det same kva som vert fortalt og at "fakta" ikkje tel, men det er heller ikkje slik at det berre er "fakta" i historier som tel.

I staden ser ein på erfaringar og tolkingane av desse som vikla inn i kvarandre og umulige å skilje klart frå kvarandre. Lawler (2002: 247) vender merksemda mot fortolkinga som det interessante: Korleis intervjugersonane bruker kulturelt sirkulerande (delte) historier for å forstå livet sitt. Det finst ingen "objektiv" tilgang til den fortida intervjudeltakarane fortel om i intervjuet. Verken forskaren eller den som vert forska på kan fullt ut få tilgang til eller vere i ei fortid som er forbi. Å studere narrativ er ein måte å konseptualisere lenkjene mellom fortida og notida – heller enn å sjå på desse lenkjene som uproblematiske og likefram (Lawler 2002: 249).

I artiklane ser eg på korleis deltakarane trekkjer slike linjer mellom fortida, notida og framtida i forteljingane om seg sjølv som cannabisbrukarar og tidlegare cannabisbrukarar. Dei tre første artiklane handlar på ulike måtar om korleis forteljingar om cannabisbruk blir nytta i identitetsarbeidet i intervjustituasjonen. I det neste delkapitlet gjer eg greie for identitetsforståinga som ligg til grunn for avhandlingsarbeidet, og kva for sider av identitetsproblematikken eg er oppteken av.

### **Identitet som forteljing**

Identitetsforståinga som ligg til grunn for avhandlinga har felles utgangspunkt med narrativ analyse og byggjer på interaksjonistisk sosiologi. Identitet er forståinga vår av kven vi er og kven andre menneske er, og også motsvarande; andre menneske sine forståingar av seg sjølv og av andre – medrekna oss (Jenkins 2008: 18). Identitet vert skapt gjennom forteljingane vi fortel om oss sjølv og forholda våre til andre, og korleis

andre møter desse forteljingane. Forteljingane hjelper oss å skape samanheng mellom hendingane i liva våre og å gjere oss sjølve forståelege – for oss sjølve og for andre (Gubrium & Holstein 2009, Järvinen 2001, Loseke 2007).

I sosiologiske arbeid vert identitet forstått langs dei to grunnlinjene *individuell identitet* og *sosial tilhørsle* (Frønes 2004: 28), eller i omgrepssbruken til Richard Jenkins (2008); dei *individuelle* og *kollektive* aspekta ved identitet. Individuell identitet handlar om kven eg er og vil vere, og om biografi; kven eg har blitt. Tilhørsle handlar om å vere lik eller ville vere lik ei gruppering, eller om røter og felles historie. Individet kan aktivt identifisere seg med noko eller nokon, og dei kan bli plasserte i sosiale kategoriar av andre (Frønes 2004: 28). Dei to aspekta er innfiltrat i kvarandre, og sjølv om ein i analysane kan leggje meir vekt på det eine aspektet, kan ein ikkje unngå å også ta med den andre sida.

Identitetsarbeid handlar om å integrere oppfatningar om likskap med og skilnad frå andre, og om å integrere våre eigne definisjonar av kven vi er med andre sine definisjonar av oss. Kven oppfattar vi at liknar på oss, eller ønskjer vi å vere like? Kven oppfattar vi som ulike oss, og kven ønskjer vi ikkje å verte identifiserte med? I høve cannabisbruk handlar identitetsarbeid mellom anna om å forhandle om kor vidt cannabisbruk er ein forskjell som er sosialt signifikant eller om den er ubetydeleg (Bateson 1972). Er cannabisbruk ein forskjell som gjer ein forskjell? Viss ja; i kva grad, når og på kva måte er den det? Identitet vert skapt gjennom forteljingar om korleis cannabisbrukarar er og blir sett på, på kva måte cannabisbruken har gjort og gjer dei ulike andre grupper og personar, og, motsvarande, forteljingar om korleis dei ikkje er ulike andre grupper og personar.

Identitetsforteljingar vert skapte på fleire nivå i samfunnet. Narrativ på makronivå skaper det Donileen R. Loseke kallar kulturelle identitetar. Kulturelle identitetar er førestilte kjenneteikn og eigenskapar ved typar av menneske ("disembodied types of people"). Desse førestillingane er med på å gjere den komplekse verda lettare å forstå, og dei skaper symbolske grenser mellom ulike typar sosiale aktørar (Loseke 2007: 661).

Kulturelle identitetar er såleis forteljingar om korleis ulike grupper i samfunnet er; om kva som kjenneteiknar personar som røyker cannabis, eller korleis cannabisbrukarar typisk er. Vidare vert det skapt identitetar knytt til institusjonar og organisasjonar. I politiske avgjersleprosessar vert det skapt forteljingar om korleis personane som er i målgruppa for politikken eller hjelpetiltaka er, og gjennom desse forteljingane vert avgjerslene rettferdigjorte. I rusbehandlingsinstitusjonar finst det forteljingar om kven klientane "er", og desse forteljingane er med på å forme tenestetilbodet til brukarane. Identitetsforteljingane kan til dømes bidra til å fremje sjølvstende eller legitimere bruk av tvang. På mikronivået skaper forteljingar personlege identitetar: "the self-understandings of unique, embodied selves about their selves" (Loseke 2007: 662). Identitetsforteljingar på eitt nivå kan brukast som ressursar i identitetsforteljingar på dei andre nivåa. I artiklane er eg derfor oppteken av å hente fram dei kulturelle identitetsforteljingane om korleis cannabisbrukarar er, og vise korleis desse vert brukte som ressursar i intervjudeltakarane sine individuelle forteljingar om kven dei er.

Forteljingane om kven vi er like og kven vi er ulike er alltid resultat av forhandlingar og tilpassingar i interaksjon med andre, og dei vert fortalte på nytt og omformulerte i ulike settingar. Identitet er såleis ikkje noko endeleg og statisk, men i utvikling og i nokon grad fleksibel (Gubrium & Holstein 2009, Jenkins 2008: 18-19). Identitetar vert sett saman og plukka frå kvarandre, aksepterte og utfordra, og framførte for publikum (Riessman 2008b: 7). Individet er aldri einefoggatarar av forteljingane sine, og i kvar samtale med andre skjer det ei sosial posisjonering (Czarniawska 2004a: 5). Sosial posisjonering handlar om korleis forteljaren plasserer seg sjølv, tilhøyrarane og andre karakterar i forteljinga. Til dømes kan forteljaren posisjonere seg som eit offer for ytre omgjevnader i delar av ei forteljing, og som aktivt handlande og i kontroll over situasjonen i andre (Riessman 2013: 177). Posisjoneringa kan verte akseptert, avvist eller justert av deltakarane i samtalen, og den held fram også etter samtalen; i nye samtalar og gjennom forteljingane vi fortel om denne samtalen i etterkant (Czarniawska 2004a: 5).

Her er det Goffman kallar "sjølvpresentasjon" i interaksjonar viktig. Ein viktig føresetnad i Goffman sine arbeid er at individua er sjølvmedvitne og jobbar mot visse mål og interesser; dei søker å vere og å bli oppfatta på spesifikke måtar. I interaksjonen med andre har vi ein viss kontroll over kva for signal vi sender ut om oss sjølve, men vi har ikkje full kontroll. Vidare har vi ikkje kontroll på, og vi kan ikkje vite, korleis signala vert mottekte og tolka av andre. "Impression management" strategiar, der forholdet mellom sjølvbilete (self-image) og andre sitt biletet av oss (public image) vert forhandla, er derfor sentrale i identitetsarbeid. Desse omgrepa synleggjer dei performativt aspekta ved identitet, og det at identifisering er ein vanleg del av kvardagslivet (Jenkins 2008: 42).

Likevel er ikkje arbeidet med å presentere oss sjølve alltid medvite og gjennomtenkt. Jenkins (2008: 42) samanliknar identitetsarbeidet med habitusomgrepet til Bourdieu; vi improviserer i møta våre med andre ut i frå kroppsleggjorte erfaringar og vanar. Improvisasjonane kan vere refleksive og likne rasjonell kalkulering, eller dei kan vere spontane og ikkje-refleksive, og likne kroppsleggjorte vanar (Jenkins 2008: 93). Arbeidet med å presentere oss sjølve ligg dermed mellom det medvitne og det umedvitne, mellom det gjennomtenkte og det automatiserte. I denne forståinga er identitetsforteljingane forma av kontekst i form av sosiale føresetnader og kulturelt tilgjengelege forteljingar, samstundes som individua er med på å forme kontekstane. Identitet er presentasjon og konstruksjon, men dette skjer i dialog med sosiale strukturar.

I tillegg er tidsdimensjonen viktig for forståinga av identitet, fordi samanheng og kontinuitet er nødvendig i sjølvforteljingane våre. Fortida må gjerast forståeleg og framtida mulig gjennom dei forteljingane vi fortel i dag (Maines et al. 1983, Mead 1929). Forteljingar om tidlegare hendingar i liva våre må konstruerast på ein slik måte at dei gir mening i notida. På same tid er fortida ein nødvendig ressurs for å forstå situasjonen i dag og for forventingane våre om framtida. Kva betyding deltakarane sin no-situasjon har for kva for forteljingar om fortid og framtid som vert konstruert i intervjuet, er særleg i fokus i den første artikkelen i avhandlinga.

Fokuset på narrativ og identitet i avhandlinga inneber ikkje at sosiale strukturar vert uviktige i analysane. Eg er oppteken av å halde fast på ambisjonane i den tradisjonelle subkulturforskinga om å forstå forholdet mellom kultur og sosiale strukturar, og korleis individuelle identitetar vert utvikla ut i frå dette forholdet. Både dei individuelle og dei større, sosialt delte forteljingane om cannabisbruk må forståast i kontekst, og deltakarane sin posisjon som sosialt integrerte brukarar vert derfor løfta fram og diskutert i artikkel 1 og 2. Deltakarane sin livssituasjon på intervjetidspunktet og oppvekstforhold er andre strukturelle faktorar som vert tematiserte i desse artiklane. Kjønn var den strukturvariabelen som etter kvart peika seg ut som mest påfallande i intervjuforteljingane. Eg hadde ikkje definert at prosjektet skulle ha eit kjønnsperspektiv frå starten, men i møte med deltakarane og deira forteljingar vaks dette fram som viktig. Den tredje artikkelen handlar derfor om på kva måtar cannabisbruk er kjønna. Vi skildrar korleis kvinnelege cannabisbrukarar gjer feminitet og maskulinitet i sine forteljingar om bruk, og vi teiknar opp ei spesifikk form for maskulinitet vi finn i tilknyting til cannabisbruk. I det følgjande gjer eg greie for den forståinga av kjønn som ligg til grunn for analysane.

### Konstruksjon av kjønn i subkulturar

Både litteraturen om subkulturar generelt, og illegal rusbruk spesielt, har vore kritisert for i for lite grad å fokusere på betydinga av kjønn (Lumsden 2010, Nordström & Herz 2013, Shiner 2006). Forskningslitteraturen har gjerne presentert eit bilet av illegal rusmiddelbruk der brukaren "tilfeldigvis" er mann, og der kvinnelege brukarar knapt er synlege. Ofte har det ikkje vorte problematisert at forskingsdeltakarane var menn, slik at erfaringane til dei mannlige rusbrukarane har vorte presenterte som om dei utan vidare var gjeldande for både kvinnelege og mannlige brukarar. I den grad kjønn har vorte aktualisert, har det ofte handla om korleis kvinnelege brukarar og dealarar er sjukare, meir avvikande og meir psykologisk forstyrra enn dei mannlige ekvivalentane deira (Henderson 1999: 37-38, Shiner 2006). Studiar av kjønn og rusbruk har dermed ofte dreia seg om *kvinne* sin rusbruk i seg sjølv, og ikkje på kva kjønn betyr i ulike

ruskulturar. På kva måtar ruskulturar er kjønna og korleis kjønn vert konstruert, reproduser og utfordra gjennom bruk av rusmiddel, er forskingsområde som er mindre utvikla.

Kjønn skil seg frå andre sosiale kategoriar, som sosial klasse, ved at det er eit universelt inndelingsgrunnlag som vi finn att i alle samfunn. I dei fleste kulturar vil ein finne skilnader mellom kvinner og menn sine erfaringar, og ofte vil kjønn vere ein masterstatus som går på tvers av alle andre identitetar og situasjonar for eit individ. Ein masterstatus er ikkje noko du kan leggje frå deg eller velje å tre inn i, og det er den statusen som i størst grad styrer korleis andre vurderer, møter og responderer på oss (Ryle 2012: 18, 35). Både det å gå ut i frå at erfaringane til medlemmar av den eine kjønnskategorien er universelle og kan representere både kvinner og menn, og det å føresette at alle kvinner eller alle menn har felles røynsler, er problematisk. I staden må ein studere empirisk på kva måtar kjønn verkar inn på sosiale fenomen og kva for betydingar kjønn har i ulike samanhengar. Ei bevisstheit om og ein sensitivitet for mulige kjønna implikasjonar må vere ein del av grunnlaget for studiar av kulturelle fenomen, men empirien og tolkingane våre av denne avgjer om kjønn er ei viktig forståingsramme og kva plass kjønnsperspektivet skal få i det endelege forskingsarbeidet.

I arbeidet med å rekruttere og intervju deltakarar til studien vart det klart at kjønn er ein faktor som betyr noko for korleis ein forheld seg til og fortel om cannabisbruk. Kjønn vart til dømes brukt til å forklare skilnader i høve rusopplevelingar, i kva grad og korleis ein brukte cannabis og korleis ein tenkte om risiko i tilknyting til bruk. Eg vart derfor oppteken av å finne ut kva kjønn tyder i høve cannabisbruk. Kva for verknader får kjønn for korleis ein brukar og snakkar om cannabis? Korleis posisjonerer kvinnelege og mannlege brukarar seg som kjønna i forteljingane? For å gripe dette må vi gå til kjønnforskinga og interaksjonistiske teoriar om kjønn.

I interaksjonistiske teoriar om kjønn er sosial samhandling den viktige arenaen for å studere kjønn. Kjønn er då metaforisk plassert "mellom individua" (Ryle 2012: 32). Det

er noko som primært vert skapt i samhandling mellom menneske og eksisterer ikkje som ein "essens" inne i individua. Skiljet mellom *kjønn* (biologisk klassifisering som kvinne eller mann), *kjønnskategori* (sosial identifikasjon som kvinne eller mann) og *sosialt kjønn* ("gender": framferd som vert vurdert ut i frå normative oppfatningar av feminitet og maskulinitet) er sentralt i interaksjonistiske forståingar av kjønn (t.d. West & Fenstermaker 1993). I vestlege samfunn tek ein det for gitt at menneske biologisk er kvinne eller mann, og at vi ut i frå korleis nokon ser ut, kler seg og ter seg kan lese om dei høyrer til i den eine eller andre kjønnskategorien. Kjønnskategorisering handlar såleis om at vi tolkar kulturelt bestemte trekk ved oppførsel og framtoning som teikn på biologisk kjønn, sjølv om dei fysiologiske kjønnsskilnadene ikkje er synlege for oss (Ridgeway & Smith-Lovin 1999, West & Fenstermaker 1993). Kjønnskategorisering er noko vi gjer automatisk og for det meste umedvite (Stangor et al. 1992). I samhandling med andre kan vi ikkje velje å ikkje verte kategoriserte som kvinner eller menn; vi kan ikkje unngå å "gjere kjønn".

Det at individua alltid gjer kjønn, betyr ikkje at dei alltid lever opp til normative forventingar om feminitet og maskulinitet, eller at dei mislukkast i å leve opp til forventingane og deretter forklarer dette på aksepterte måtar. Kvinner kan gjere handlingar og ta del i aktivitetar som er kulturelt koda som lite feminine eller maskuline, slik som illegal rusbruk, utan at andre stiller spørsmål ved om dei er kvinner. Det er sjølve det å gjere kjønn, å verte lest og agere som ein kjønna person, som er uunngåeleg. I ein kvar situasjon kan vi verte vurderte, eller haldne "ansvarlege"<sup>3</sup>, av oss sjølve eller andre, i forhold til kontekstavhengige normative oppfatningar om passande haldningar, handlingar og aktivitetar for den kjønnskategorien vi er plassert i (West & Fenstermaker 1993: 156-157). Erkjenninga av at handlingsmåtan våre kan verte vurderte ut i frå slike oppfatningar om feminitet og

---

<sup>3</sup> Det engelske uttrykket er 'to be held accountable'. Accountability handlar om at vi tilpassar handlingane våre til omgjevnadene våre på ein slik måte at dei skal vere forståelege for andre; at dei skal kunne gjenkjenne handlingane som det dei er. Heritage, J. (1984). *Garfinkel and Etnometodology*. Cambridge, England, Polity Press.

maskulinitet, kan vere med på å forme vala vi gjer og måtane vi fortel om hendingar og handlingar i liva våre på.

I denne avhandlinga brukar eg såleis ei relasjonell forståing av kjønn, der tydinga av kjønn ikkje er fastlagt, men vert til i samhandling mellom menneske. Det er individua som "gjer kjønn", og dette vert gjort i ein kontekst der andre aktørar er til stades. Kjønnsperspektivet og forståinga av identitet høyrer begge til i den interaksjonistiske sosiologien. Teoriane om kjønn og identitet heng også saman ved at kjønn vert forstått som ein del av identitet; kjønn går på tvers av forteljingane vi har om oss sjølve og formar desse. Kjønn formar repertoaret vårt av forteljingar; kva for forteljingar som er tilgjengelege, kva for forteljingar som er vanskelege å fortelje og kva for forteljingar som er meir sjølvsagte og aksepterte. Kjønnsdimensjonen er også viktig for å forstå subkulturar. Deltakarane er kjønna, og det er også forteljingane om subkulturane og måtane desse vert brukte på. På kva måtar kvinner og menn bruker, avviser, leikar med og omformar dei kjønna forteljingane i cannabisulturen, er tema for artikkkel 3. Her let vi såleis kjønnsdimensjonen kome i framgrunnen og bruker kjønnsteori som den sentrale forståingsramma. I artiklane 1, 2 og 4 er det andre dimensjonar ved cannabisbruk som kjem i framgrunnen, og narrativ teori og identitetsteori er dei viktigaste forståingsverktya. Til saman meiner eg at bruken av dei fire ulike teoretiske perspektiva bidreg til ei mangfaldig, men heilskapleg forståing av dei sosiale og kulturelle betydingane cannabisbruk har for individet og i kontekst.

### **3. Forskingsmetode og data**

I dette kapitlet gjer eg greie for korleis studien praktisk vart gjennomført. Kapitlet er tenkt som eit supplement til metodeartikkelen (artikkel 4) og metodeavsnitta i dei tre første artiklane. Eg går kort gjennom korleis rekrutteringa og intervjuja gjekk føre seg, men dei utfordringane i tilknyting til rekruttering og intervjugjennomføring som er diskutert i artikkel 4, går eg ikkje nærmare inn på her. I kapittel 2 har eg skrive om den vitskapsteoretiske sida ved narrativ tilnærming, medan eg i dette kapitlet vil fokusere meir på korleis eg gjorde analysane i praksis. Eg startar med å skildre datagrunnlaget; kva var inklusjonskriteria, korleis kom eg i kontakt med deltakarane og kven er deltakarane? Deretter diskuterer eg kven desse deltakarane "representerer" i statistikkane om cannabisbruk, og på kva måte mine data legg ut nye nyansar av feltet. I neste del forklarer eg korleis eg jobba med intervjudata, før eg diskuterer utfordringane ved å kombinere to datasett, slik vi har gjort i den tredje artikkelen. Til slutt kjem ei kort drøfting av validitet og reliabilitet.

#### **Inklusjonskriterium**

Datamaterialet for denne avhandlinga er intervju med 25 erfarte cannabisbrukarar, 7 kvinner og 18 menn. Deltakarane var i alderen 23-40 år, og gjennomsnittsalderen er 31 år. For å kunne bli med i studien måtte dei fylle fleire kriterium. For det første måtte dei vere mellom 20 og 40 år. For det andre måtte dei ha røykt cannabis ofte gjennom fleire år og hatt periodar med dagleg bruk. Kor lange desse periodane med dagleg bruk var, varierte veldig; frå 2-3 veker til ti år med nær dagleg bruk. Eit tredje krav var at dei skulle dei ha redusert bruken sin vesentleg eller slutta, og dei skulle ikkje ha vore til behandling for rusproblem. Korleis vesentleg reduksjon vart definert var opp til deltakarane sjølv, og også her var det store skilnader mellom deltakarane. Nokre hadde ikkje brukt cannabis i det heile tatt på mange år, medan ein deltakar hadde redusert den daglege bruken sin frå å ligge på eitt gram cannabis til no å ligge på 0,25

gram. Den største gruppa var likevel dei som hadde brukt fleire gongar i månaden, og som på intervjudidspunktet brukte nokre få gongar i året. Variasjonen i utvalet er skildra i tabell 1 (vedlegg 1). For å sikre anonymiteten til deltakarane er ikkje opplysingane i tabellen knytt til pseudonyma som vert brukte i artiklane.

Prosjektet er meldt til og godkjent av Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD, vedlegg 2). Deltakarane fekk skriftleg og/eller munnleg informasjon om prosjektet, korleis data ville verte behandla og lagra, mi teieplikt og deira rett til å trekkje seg frå studien (vedlegg 3), og dei har samtykka til å ta del i studien. I artikkel 4 bruker eg nokre sitat frå eit diskusjonsforum for cannabisbrukarar på internett. Utsegnene kom som respons på mi annonse der eg inviterte til deltaking i prosjektet, og eg har ikkje spurt dei som ytra seg om å få lov til å bruke sitata. Likevel har eg vurdert det som etisk forsvarleg å gjengi desse. Utsegnene fann stad i store nettforum der alle kan ta del, og der deltakarane veit at innlegga dei skriv er tilgjengelege for alle som er interesserte (sjå Markham 2007). Vidare er utsegnene svar på invitasjonen min, der eg hadde gjort meg til kjenne som forskar, slik at dei visste at eg kom til å lese svara deira. Det er heller ikkje knytt nokon identifiserande opplysingar til sitata.

## Rekrutteringsstrategi

Det var ikkje fastsett kor mange personar som skulle intervjuast frå starten av, då eg var usikker på kor vanskeleg det ville bli å rekruttere erfarte cannabisbrukarar som hadde sluttat eller redusert bruken vesentleg utan å ha vore til behandling. Målet var å få snakke med mange nok personar til at eg meinte at nye intervju ikkje ville tilføre vesentlege nye forteljingar om det å vere ein cannabisbrukar som har trappa ned på bruken. Eg hadde såleis eit mål om å nå ei metting i datamaterialet; eit punkt der forteljingane i nye intervju i stor grad repeterer forteljingane i tidlegare intervju (Bertaux 1981, Glaser & Strauss 1967, Miller 2000, Thagaard 1998). Etter 25 intervju var eg nøgd med breidda i forteljingane og vurderte at eg hadde nok data til å kunne

trekkje meiningsfylte konklusjonar om fenomenet (Bloor & Wood 2006: 155). Eg såg også at det kunne bli utfordrande å handtere ei endå større datamengde.

Fordi cannabisbrukarar som ikkje har vore til rusbehandling ikkje finst i noko register, og fordi temaet vert forstått som sensitivt, vart nettverksrekrytering (snøballmetode) valt som den primære rekryteringsstrategien. I alt vart 21 deltakarar rekryterte på denne måten. Seks kontaktpersonar (ein ven, tre vennar frå tida som student og stipendiat, ein kjenning frå jobbsamanheng og ein student) sette meg i kontakt med til saman 17 intervupersonar. Desse sette meg vidare i kontakt med fire intervupersonar. Dei siste fire intervupersonane kontakta meg som fylgje av ulike former for annonsering; etter å ha lese ein artikkel om prosjektet mitt i Sunnmørsposten (2), fordi dei hadde sett invitasjonen om å ta del i prosjektet ved ein høgskule (1) og på eit nettforum for cannabisbrukarar (1).

Seks andre personar ønskete å ta del i studien etter å ha lest om den i nettforumet, på oppslag eller i avis, men fire av desse fylte ikkje inklusjonskriteria: Dei hadde ikkje trappa ned, var for gamle, eller hadde vore til rusbehandling. Ein budde for tungvint til for at intervju var praktisk mulig å få til, og ein gav eg opp å intervju etter at han ikkje møtte opp til to avtalar.

I starten av prosjektet hadde eg som mål å få flest mulig deltakarar frå andre stader enn Oslo, fordi mykje av forskinga som er gjort på illegal rus bruk er gjort i større byar, og særleg i Oslo. Det viste seg likevel å vere vanskeleg å rekrytere deltakarar til studien (sjå artikkel 4), og eg måtte derfor legge mindre vekt på dette punktet for å få mange nok deltakarar. Femten av deltakarane budde i Oslo eller området rundt og vart intervjuet der. Likevel hadde berre to av desse vokse opp i Oslo, og storparten hadde i mange år budd og brukt cannabis i andre byar og tettstadar, før dei flytta til Oslo. Deltakarane kom frå 13 ulike fylke i Noreg, samt at ein deltakar var fødd og oppvachsen i eit anna vestleg land. Det er dermed ei brei geografisk spreiing i utvalet, og studien handlar såleis om erfaringar med cannabisbruk både blant unge vaksne i byen og på mindre stader.

## Datagrunnlag – kven er deltakarane?

Deltakarane var rekrutterte med utgangspunkt i cannabisbruken sin, men det store fleirtalet (21 av 25) hadde også prøvd andre illegale rusmiddel. Elleve av desse hadde relativt omfattande erfaring med bruk av andre illegale rusmiddel enn cannabis. Dette er ikkje overraskande ut i frå statistiske undersøkingar, som viser at mange erfarne cannabisbrukarar også rapporterer bruk av andre stoff (Melberg et al. 2010). Denne studien handlar likevel om cannabisbruk. Cannabis er det rusmidlet, ved sidan av alkohol, dei bruker eller har brukt jamleg over lang tid. Dei er også rekrutterte *som cannabisbrukarar*, og det er dette stoffet dei i størst grad identifiserer seg med. Andre stoff, som til dømes kokain og amfetamin, vert ofte snakka om som noko dei kan bruke på fest, noko dei er meir forsiktige med og til dels noko dei ikkje vil bli identifisert med.

Utdrag frå intervjuet med Nathaniel kan tene som illustrasjon på dette:

Kokain, jeg vet ikke. Det føler jeg er litt mer sånn... det er på en måte ikke noe jeg har lyst til å bli forbundet med: At jeg er en fyr som sniffer kokain.

*Nei? For kva betyr det å vere det?*

Jeg ser egentlig på det som... jeg forbinder det egentlig med å ha mistet litt kontrollen. (..) Det er det at det er et middel som gir deg enorm selvtillit. Og at du trenger kunstig selvtillit er et dårlig tegn, tenker jeg. Eh... men samtidig så er det jo veldig morsomt. Det er noe man skjønner at man kan bli avhengig av hvis man er uheldig disponert eller ett eller annet sånt. Det er som regel noe du vil ha mer av når du har fått littegrann av det. Når du kjenner at den følelsen forsvinner, så vil du ha den tilbake.

Kokain var i mykje større grad enn cannabis kopla til risiko for negative effektar, og det var også kopla til "feil type" personar – personar som ikkje var trygge på seg sjølve og trengte kunstig sjølvtillit. For amfetamin var historia litt annleis, men hovudpoenget; at det ikkje var noko dei "eigentleg" brukte var det same:

Jeg tror kanskje at de eneste gangene jeg synes det har hatt noe for seg er hvis man skal holde på å feste veldig, veldig lenge. Og så bare ta bittelitt grann for å holde ut.

*Det er sånn at du vert oppkvikka og held deg i gong, ja? Har det også vore veldig sporadisk?*

Ja.

*Det er egentlig kun marihuana som er jamleg?*

Ja, det er ikke noe annet jeg vil si at jeg driver med. De andre tingene har jeg på en måte prøvd.

Eg definerer deltakarane som sosialt integrerte cannabisbrukarar, ut i frå Sharon Rødner Sznitman sin definisjon. Denne er operasjonalisert i tre kriterium: 1) dei var i jobb eller under utdanning og hadde legal inntekt, eit strukturert kvardagsliv og permanent bustad, 2) dei var ikkje i kontakt med behandlingssystemet grunna rusbruken sin, og 3) viss dei brukte illegale rusmiddel på intervjudidspunktet, skjedde dette på fritida og ikkje i samband med jobb eller studiar. Bruken av omgrepet "sosialt integrerte cannabisbrukarar" er ikkje uproblematisk, fordi det i likskap med karakteristikkar som "rekreasjonelle brukarar" eller "problembukarar" bidreg til å dekkje over variasjonar i utvalet. Sjølv om alle deltakarane fylte dei tre kriteria for sosialt integrerte cannabisbrukarar på intervjudidspunktet, hadde tre av deltakarane hatt periodar der dei hadde relativt store inntekter frå omsetting av illegale stoff, og ein av desse hadde i ein periode ikkje legal inntekt i tillegg. Fleire fortalte også at bruken av rusmiddel i periodar hadde gjort det vanskeleg å fylge normal studieprogresjon, og formuleringa "eit strukturert kvardagsliv" er ikkje ei god skildring av desse periodane. Likevel meiner eg at bruken av omgrepet sosialt integrerte brukarar er meir analytisk nyttig enn det er problematisk, og at det karakteriserer deltakarane som gruppe betre enn andre tilgjengelege omgrep.

I innleiingskapitlet viste eg til Pedersen (2009) si studie av unge vaksne cannabisbrukarar, der dei som framleis brukte cannabis ved 28-årsalderen hadde ei rekke indikatorar på sosial marginalisering. Dei tenderte mot å ha låg utdanning, låg inntekt, vere utan arbeid og utan partnar. Utvalet i min studie skil seg frå dette. For 19 av 25 har mor og/eller far utdanning på høgare nivå, og 19 av 25 har sjølv utdanning på høgskule- og universitetsnivå. Av desse har tre mastergrader, ein held på med mastergrad og 12 har bachelor- eller cand.mag. grader. Dei resterande tre held på med

bachelorgrad eller har enkeltfag på universitetsnivå. Berre seks av deltarane har grunnskule eller vidaregåande skule som si høgste fullførte utdanning. Dette kan tyde at eg har rekruttert ei gruppe som er meir ressurssterk enn det som gjeld for unge vaksne cannabisbrukarar generelt. Samansettinga av utvalet heng saman med at eg i hovudsak har rekruttert deltarane gjennom mitt eige nettverk; gjennom personar som sjølv har høgare utdanning. Det er derfor sannsynleg at dette har gitt ei skeivheit i utvalet, som også kan ha gitt ei skeivheit i forteljingane som vert fortalt. Andre grupper kan ha andre tilgjengelege narrativ enn det deltarane i denne studien har, og dei møter kanskje ikkje dei same forventingane om at dei skal redusere eller leggje vekk bruken av cannabis i vaksen alder. Dette drøftar eg også i artikkkel 2.

Historiene frå desse intervjudeltakarane er viktige for å utvide og gje nyansar til kunnskapen vi har om unge vaksne som brukar illegale rusmiddel. Dette er menneske som har "greidd seg godt"; dei har handtert lange brukarkarrierar med store svingingar i bruk utan at det for dei fleste har gitt alvorlege konsekvensar. Likevel fortel alle deltarane om både gode og vanskelege opplevingar med cannabis. For nokre dekkjer "greidd seg godt" over episodar med psykose, angstproblematikk og relasjonelle vanskar. For mange er det likevel forteljingar om fellesskap med andre brukarar og den gode kjensla av å fri seg frå konvensjonane, bestemme sjølv og nytte rusen som dominerer. Denne breidda og variasjonen i forteljingar om cannabis meiner eg er viktig å skildre, og samla sett gjer artiklane dette.

### **Om intervjuet**

Intervjuet vart gjort i løpet av hausten 2008 og 2010, på dei stadane der deltarane budde. Intervjuet vart gjort heime med informantane, på kafear, hotellrom og i eitt tilfelle i ein park. I snitt varte intervjuet 2 timer og 6 minutt, med 1 time og 20 minutt som det kortaste og 3 timer og 15 min som det lengste. Ein informant vart intervjuet to gongar, fordi han følte han ikkje fekk sagt alt han ville før han måtte gå i det første intervjuet. Alle intervjuet vart tekne opp med mp3-spelar.

Intervjua var lagt opp som livshistorieintervju. Med dette meiner eg at eg ville at deltakarane skulle fortelje om si "brukarkarriere" (Becker 1953) knytt til cannabis bruk; frå korleis dei kom til å prøve cannabis den første gongen via typiske brukssituasjonar i starten og seinare (kven dei røykte saman med, kvar, når, korleis, kvifor), kva dei likte og ikkje likte med å bruke cannabis i starten og seinare, korleis dei såg på andre cannabisbrukarar og ikkje-brukarar i starten og seinare, og korleis bruken deira etter kvart vart redusert. Eg har altså vore ute etter forteljingane deira om å vere ein som bruker cannabis og ein som ikkje bruker, eller ikkje bruker så mykje, lenger.

Deltakarane knytte forteljingane om cannabisbruk opp til andre hendingar i liva sine, og forteljingane var ofte strukturerte rundt t.d. skulegang, overgang til arbeidslivet og stifting av familie (t.d. korleis/kor ofte eg røykte hasj medan eg gjekk på vidaregåande, medan eg studerte, då eg begynte å jobbe, etter at eg fekk ungar). Eg fekk såleis vite mykje om liva deira generelt, sjølv om fokuset var på cannabisbruk.

Intervjuguiden eg hadde som utgangspunkt for intervjeta (vedlegg 4) vart brukt som ei hugseliste for meg sjølv i dei første intervjeta. Etterkvart vart likevel denne mindre viktig, fordi eg såg at strukturen i intervjeta som oftast gav seg sjølv. Vi starta med å snakke litt om no-situasjonen og bruken deira "i dag", før eg tok dei tilbake til dei første gongane dei prøvde. Så fortsette dei med å fortelje om korleis bruken utvikla seg vidare og korleis det vart slik at dei trappa ned. Vi avslutta med å prate litt om korleis intervjuet hadde gått, og mange ville vite noko om kva andre hadde fortalt og korleis deira forteljingar var i samanlikning. For å kome interessa deira i møte, samstundes som eg verna om anonymiteten til deltakarane, fortalte eg då i generelle vendingar om andre sine erfaringar.

### **Transkribering, sitering og transparens**

Det å gjøre munnleg tale om til trykt tekst er krevjande. Det "same" taleutdraget kan transkriberast på svært ulike måtar, avhengig av det teoretiske perspektivet, den metodologiske orienteringa og dei faglege interessene til den som gjer arbeidet

(Riessman 2008b: 29). Riessman (2008b) argumenterer derfor for at transkribering ikkje må sjåast på som ei teknisk oppgåve som ein kan delegera til andre, men at det er del av fortolkingsprosessen og at forskaren bør gjere arbeidet sjølv.

Eg gjorde dei 25 intervju i hovudstudien sjølv og transkriberte 14 av desse, medan eg leigde hjelp til å få transkribert dei siste 11 for å spare tid. Sjølv om Riessman (2008b) peikar på viktige utfordringar med å setje vekk transkriberinga, meiner eg likevel at dette er veikskapar ein kan bøte på ved å skrive refleksjonsnotat etter kvart intervju og ved å kontrollere dei ferdige transkripsjonane.

Etter kvart intervju skreiv eg korte notat om intervjuet, til dømes relevante detaljar om kafeen der intervjuet fann stad; korleis vi sat, om det var mange andre i lokalet og lydnivå, korleis eg opplevde intervjuet situasjonen og korleis eg tolka at den intervjuet hadde opplevd situasjonen, samt eventuelle refleksjonar om kva som var dei viktigaste forteljingane i intervjuet. I transkripsjonane la både eg og den innleigde transkriptøren vekt på å ligge nær opp til talespråket, sjølv om ikkje alle fyllord vart skrivne ned. Bruken av slike fyllord kan nokre gongar vere meiningsberande, til dømes ved at dei er uttrykk for at talarane er usikre på korleis dei skal ordleggje seg eller at temaet er vanskeleg å snakke om. Eg skreiv derfor inn detaljar som lengre pausar, nøling, kroppslege uttrykk (t.d. at ein deltakar sat uroleg i stolen og fikla med hendene sine), variasjonar i stemmebruk (t.d. bruk av "tullestemme" når dei etterlikna nokon eller ironiserte rundt eit poeng) og latter, samt at eg skreiv kommentarar om korleis eg tolka bruken av slike uttrykksmåtar og korleis eg opplevde "tonen" i dei ulike intervjuet. I dei intervjuet eg ikkje transkriberte sjølv høyrdie eg gjennom opptaka på nytt medan eg las transkripsjonen, for å sjekke om transkripsjonen var i samsvar med opptaka og for å legge inn slike detaljar og kommentarar som skildra ovanfor.

Basert på den konstruktivistiske posisjonen at intervjudata er ein samproduksjon mellom intervjuar og den intervjuet og at data er produkt av ein spesifikk interaksjon (t.d. Holstein & Gubrium 1995, Rapley 2001), har eg vore oppteken av å ta vare på interaksjonsmessige detaljar i intervjuutdraget i artiklane. Eg har derfor ønskt å gjengi

lenger seksjonar frå intervjuet, der også mine spørsmål og kommentarar er med. På denne måten legg ein til rette for at leseren kan forstå meir av konteksten for det som blir sagt og sjå korleis deltakarutsegnene vert konstruerte i dialog med intervjuar. Dette gjer det også lettare for leseren å stille seg kritisk til dei tolkingane som vert gjorde.

Idealet om å bruke mange, lange og detaljerte intervjuutdrag har likevel vore vanskeleg å halde fast ved i praksis, fordi eg må rette meg etter ordgrensene i tidsskrifta. Det knappe artikkelformatet gjer det vanskeleg å fylgje dette idealet heilt ut, og hovudtematikken i artikkelen kan kome i bakgrunnen viss det vert lagt like mykje vekt på korleis og kvifor noko blir fortalt, som kva som vert fortalt. Det er i artikkel 4 at eg i størst grad greier å gjennomføre analysen i tråd med dette idealet. I dei andre artiklane har eg gjort kompromiss og latt "kva" få meir plass. I desse artiklane er intervitusitata kortare og meir redigerte, og det vert ikkje lagt like stor vekt på korleis data vert produsert. Likevel ligg den konstruktivistiske forståinga til grunn for analysearbeidet her også. Kva funksjonar utsegnene i intervjuet har er viktige tema. Lesaren vil også sjå at intervjuaren ofte er synleg og at mange av intervjuutdragene er fyldige i desse tre første artiklane også.

## Analysearbeidet

Før eg begynte å intervjuet hadde eg eit grovt bilet av tre temaområde som skulle vere grunnlaget for ein artikkel kvar: 1) På kva måtar cannabisbruk er knytt til identitet; kva er det med stoffet/bruken som er tiltrekkande og som brukarane identifiserer seg med? 2) Kva for forståingar har dei av kontrollert bruk og problematisk bruk av rusmiddel? 3) Kva er grunnane til at dei har trappa ned eller slutta? I arbeidet med å generere data vart likevel både andre tema og andre vinklingar meir sentrale, sjølv om dei opprinnelige ideane låg der som eit utgangspunkt for analysane. Ei av dei viktigaste endringane var at språket og konstruksjonen av forteljingar i intervjuet vart mykje viktigare enn det eg hadde tenkt i starten av prosjektet. Medan eg i starten

hadde problem med å frigjere meg frå ein meir kvantitativ måte å tenke og skrive om intervjuaterialet på, til dømes kva som var dei dominante grunnane til å slutte med cannabis, vart eg gradvis meir orientert mot ein meir konstruktivistisk posisjon med ei narrativ tilnærming. Korleis deltakarane snakka om ulike tema og kva som var typiske forteljingar innanfor og på tvers av intervjuet etter kvart det sentrale. Denne dreininga i fokus meiner eg har vore viktig for å få fram og ta vare på kompleksiteten, nyansene og ambivalensen i intervjuaterialet. Den narrative tilnærminga vart også skjerpa i dialog med redaktørane og fagfellane som har kommentert dei ulike artiklane.

#### **Frå sorteringsbasert koding til empirinær koding, og til kategorisering**

Etter at intervjuet var skrivne ned, la eg dei inn i det kvalitative analyseprogrammet NVivo, versjon 8. Kodinga vart gjort i fleire etappar, og den endra form. Tidleg i kodingsprosessen la eg inn koder som handla om ulike delar av "ruskarrierane" deira, slik som debuthistorier, typisk røykesituasjon dei første åra og i dag, historier om å slutte og å trappe ned. Eg arbeidde også med eit fastsett kodesett som skulle hjelpe meg å få oversikt og fange opp fellestrekks på tvers av intervjuet. Denne prosessen opplevde eg som nokså mekanisk, og eg syntest ikkje at den var godt eigna til å få fram nyansane og den spanande variasjonen i forteljingane. Eg gjekk derfor gjennom materialet på nytt og la inn empirinære, eller *tekstnære* kodar (sjå Tjora 2012: kap. 5), som i dei fleste tilfelle var unike for eitt intervju. Med desse merka eg ut særleg interessante, talande og gode formuleringar i kvart intervju, til dømes særegne kallenamn for "oss" og "dei andre", slik som "flinkispuddingane", "den bøllete flinke", "de som var på vei et annet sted", "cowboys og indianere", "sånn klassiske sosionomstudenter". Dette er såleis kodar som er utvikla frå data, og ikkje frå teori, hypotesar eller forskingsspørsmål (Tjora 2012: 179).

Dette trinnet gav meg ei betre oversikt over heilskapen i kvar deltakar si forteljing, og det var også nyttig for å oppdage interessante tema som kunne vere grunnlag for artiklar – og for seinare å finne igjen gode utsegner. For å bevare forholdet mellom

utdrag og heile den enkelte intervjuforteljinga, har eg veksla mellom koderapportane og dei fullstendige intervjuutskriftene i arbeidet med kvar av artiklane i avhandlinga. Eg har også gått fram og tilbake mellom trinna koding, kategorisering og utvikling av konsept og modellar. Denne analyseforma har fellestrek med det Tjora (2012: kap. 5) kallar stegvis-deduktiv induktiv metode (SDI). Her arbeider ein stegvis induktivt frå data mot koding, kategoriar, konsept/modellar og teori, samstundes som ein sjekkar frå det meir teoretiske til det empiriske.

Utfordringane med å skaffe deltakarar og å skape ein god utvekslingssituasjon i intervjuia ("rapport", Rapley 2004) gjorde at eg vart oppteken av å forstå kva dette handla om. Eg gjekk gjennom dei koda intervjuia på nytt og leita fram utdrag der posisjonering, eller forhandlingar om nærleik og avstand (likskap og ulikskap), mellom meg og intervjudeltakarane var særleg tydelege. Dette var særleg utdrag der dei spurte meg om mitt forhold til rusmiddel, men også utdrag der eg oppfatta at dei var sensitive for korleis forteljingane deira vart leste og kva eg meinte om deira rus bruk. Dette kunne vere t.d. utdrag der dei innleia med forteljingar om "normalitet"; om "å ha klart seg godt" med tanke på utdanning, arbeid og sosialt nettverk, før dei fortalte om problematiske opplevelingar knytt til rus bruk. Desse forhandlingane tolkar eg som uttrykk for ein form for *sensitivitet* både i forskingstemaet og i deltakarane. Denne sensitiviteten fører med seg utfordringar i rekrutterings- og intervjuarbeidet, og den tydeleggjer det problematiske i ideen om intervjuarnøytralitet. Cannabis bruk som eit sensitivt forskingstema og brukarane som "hårsåre" er utvikla i artikkelen 4.

Frå starten av prosjektet var eg oppteken av å forstå på kva måtar cannabis var knytt til identitet. Ut i frå identitetsteori (m.a. Jenkins 2008) kan ein mellom anna studere identitet gjennom individua sine forhandlingar om likskap og ulikskap med andre individ og grupper. Dei empirinære kodene som handla om likskap og ulikskap, om tilknyting til og avstandstaking frå andre individ og grupper; om korleis cannabisbrukarar, dei som ikkje bruker og dei som bruker andre stoff "er", vart då kategoriserte som å handle om identitetsdanning. Vi fann at desse identitetsforteljingane var posisjonerte i forhold til to større forteljingar om cannabis bruk: Ei restriktiv forteljing som speglar

den norske ruspolitikken, der cannabisbruk er kopla til risiko for avhengigheit og overgang til tyngre stoff, og ei liberal subkulturell forteljing kopla til cannabiskultur, der cannabisbruk mellom anna symboliserer sjølvstende, ikkje-konvensjonalitet og openheit. Vidare fann vi at ein viktig skilnad innanfor kvar kategori var at nokre av forteljingane fokuserte på problem knytt til rus bruk, medan andre ikkje gjorde det. Ut i frå dette konstruerte vi ein modell på fire mulige forteljingar om kven cannabisbrukarar er: Forteljinga om den brende brukaren, den uansvarlege brukaren, den ansvarlege brukaren og cannabisprofeten. Denne modellen er det sentrale bidraget i artikkkel 1.

I utviklinga av doktorgradsprosjektet var også prosessen med å slutte eller redusere bruken av cannabis eit sentralt tema, og i ei tidleg fase hadde eg koda grunnar til å slutte eller trappe ned. Etter kvart som eg vart meir oppteken av forteljingsaspektet, valde eg ei vidare tilnærming til kodinga, der fokuset var å få fram nyansane i korleis deltakarane snakka om det å kontrollere bruken. Eg gjekk gjennom materialet på nytt og merka seksjonar der dei snakka om å kontrollere, avgrense eller slutte med cannabis, og seksjonar der dei forsvarte eller forklarte cannabisbruken sin. Ut i frå desse utdragene kom eg fram til fem dominerande forteljingar om det å kontrollere bruken: Tida er i ferd med å renne ut, omsorg for barn, romantiske relasjonar, vendepunkt og å halde fram med å vere ein cannabisbrukar. Korleis desse forteljingane vert brukte i dei individuelle identitetsforteljingane er diskutert i artikkkel 2. Korleis analysearbeidet i høve artikkkel 3 gjekk føre seg er skildra nærmare i neste delkapittel.

### **Utfordringar med å kombinere to datasett og å bruke data samla inn av andre**

Allereie i arbeidet med å rekruttere deltakarar til studien min vart det klart at kjønn var ein viktig faktor i høve cannabisbruk, då erfarne kvinnelege brukarar var vanskelege å finne. Sjølv om eg arbeidde aktivt for å nå fleire kvinner, fekk ikkje rekruttert meir enn sju kvinner av dei i alt 25 deltakarane. Når eg diskuterte vanskane med å nå kvinner

med deltakarane, var den vanlege reaksjonen at dette var "som forventa". Dei forklarte at det var få jenter blant dei meir ivriga brukarane, at jenter ofte var meir opptekne av å skjule bruken sin og at dei derfor var mindre villige til å stille til intervju. Ingen av dei kvinnelege deltakarane rekrutterte andre jenter til studien. Dei forklarte gjerne at venninnene deira ikkje hadde brukt cannabis dagleg i periodar og at dei var "ferdige" med å bruke.

Statistiske undersøkingar støttar deltakarane sine påstandar: Menn drikker i gjennomsnitt meir alkohol og bruker meir illegale rusmiddel enn kvinner, og kjønnsskilnadene aukar med jamleg, intensiv og problematisk bruk (EMCDDA 2012, Warner et al. 1999). Tal frå Sirus tyder på at menn er i klart fleirtal også blant erfarne cannabisbrukarar i Noreg. I 2006 rapporterte dobbelt så mange menn (14 %) som kvinner (7 %) mellom 21 og 30 år bruk meir enn 26 gongar (Lund et al. 2007: Uttrekk av data gjort av Odd Hordvin ved Sirus etter førespurnad). Vanskane med å rekruttere fleire kvinner, samt måtane kvinnelege cannabisbrukarar vart snakka om eller ikkje snakka om i intervjuet, gjorde det klart for meg at eg måtte skrive ein artikkel om den sosiale "kjønninga" av cannabisbruk.

Frå tidlegare samtalar med Sveinung Sandberg visste eg at han og Willy Pedersen også hadde hatt vanskar med å rekruttere kvinnelege brukarar til deira store studie av cannabisbruk, og at berre 12 av deira 100 deltakarar var kvinner. Det å slå saman mine og deira intervju med kvinnelege brukarar ville kunne gje større breidde og variasjon i datamaterialet, og eg inviterte derfor Sandberg til å samarbeide om artikkelen.

Fordelen med å kombinere dei to datasetta var at vi då kunne gå meir i djupna på kvinnelege brukarar sine forteljingar, og studere kva for posisjonar og roller dei skildra i cannabisbrukande fellesskap. Ei utfordring var at fokuset i dei to studiane var ulike, og at dei hadde ulike inklusjonskriterium. Medan deltakarane i mi studie var rekrutterte fordi dei på eit tidspunkt hadde redusert cannabisbruken sin, var deltakarane i Sandberg og Pedersen sin studie rekrutterte fordi dei var aktive brukarar som ikkje såg på bruken sin som problematisk. For vårt formål med artikkelen var likevel likskapane

det sentrale; dei var kvinner med lang erfaring med cannabisbruk i Noreg. Analysane viste også at kvinnene sine forteljingar om cannabisbruk hadde mange fellestrekk knytt til det å vere kvinne i ein maskulint koda sosial kontekst.

Både eg og Sandberg hadde jobba med "våre" datasett gjennom fleire år og kjente desse godt. Dette gjorde at vi hadde forventingar om kva data kunne fortelje om korleis cannabisbruk var "kjønna". Eg hadde også jobba med analysane av mitt materiale før samarbeidet med Sandberg, og hadde derfor forslag til kva som var dei viktigaste forteljingane om å vere kvinneleg cannabisbrukar. Vi var overraska over kor viktige tradisjonelle måtar å gjere feminitet på var i forteljingane, og i lesinga av kvarandre sine intervjuutskrifter hadde vi som mål å leite etter nye og alternative forteljingar om kvinner sin cannabisbruk.

Det å arbeide med andre sine intervjudata tydeleggjorde kor mykje kontekst betyr for forståinga av forteljingane, og kor lite av dette som vanlegvis er med i transkripsjonane. Dette gjer det vanskeleg å vite om ein gjer rimelege tolkingar av det som vert sagt, og eg opplevde det som nødvendig å kunne konferere med den som kjente kontekstane for intervjeta. Cheshire, Broom og Emmison (2009: 246) diskuterer denne problematikken i samanheng med digital lagring av kvalitative data for gjenbruk og analysering av andre forskrarar, slik ein gjer i Australia, England, Skottland, Wales og Finland. For å skape mening i kvalitative data må forskarane ha ei breiast mulig forståing av både den lokale interaksjonskonteksten og den større sosiale konteksten. I forståinga av intervjudata må ein vite korleis noko vart sagt og kva som var meint, og dette er vanskeleg å oppnå når ein bruker andre sine intervjuutskrifter.

Eg opplevde at det å ha gjort intervjeta sjølv; å "ha vore der", vite korleis stemninga var og korleis deltakarane framstod i intervjustituasjonen representerte ein styrke i analysearbeidet. Likevel går det an å forstå intervjuforteljingar ein ikkje har samla inn sjølv også, særleg viss ein kjenner den større konteksten for intervjeta godt og om transkripsjonane også omfattar ikkje-verbale detaljar. I praksis opererte vi likevel i stor grad som "ekspertar" på våre eigne intervju, og som kommentatorar og

spørsmålsstillarar på kvarandre sine intervju. I sum meiner eg dette gav ein fin dynamikk i analysearbeidet, der vi vart utfordra til å forklare nærmere og grunngi dei tolkingane vi gjorde – både av eigne data og av den andre sine.

### Nokre kommentarar om validitet og reliabilitet

Tradisjonelt har ein venta at samfunnsvitskaplege tekstar skal demonstrere validitet (korleis den korresponderer til verda) og reliabilitet (garantere at andre vil finne det same ved bruk av same metode på dei same data). Formulert på denne måten er ikkje validitet og reliabilitet tilgjengelege mål for konstruktivistiske studiar, i fylgje Czarniawska (2004a: 133). Verdien av utsegnene i forskinga kan berre vurderast ved at ein samanliknar dei med andre utsegner; "Words cannot be compared to worlds, and a look into actual validation practices reveals that they always consist in checking texts against other texts" (Czarniawska 2004a: 133). Ord kan aldri vere direkte speglingar av ein røyndom, og for Czarniawska vert det sentrale kvalitetsmålet om vi greier å skape ei realistisk og interessant rekontekstualisering av intervjuforteljingane. Ei form for validering kan skje ved at vi knyter teksten vår (våre tolkingar av intervjudata) til andre tekstar, stemmer, tider og stadar, og gjer tolkingane rimelege i lys av konteksten vi teiknar opp. Ut i frå eit slikt standpunkt må kvalitetsmålet for studiar innanfor eit konstruktivistisk rammeverk vere om ein greier å få lesarane til å føle at "dei var der sjølve" (Czarniawska 2004a: 118).

Validitet handlar også om vi får svar på dei spørsmåla vi prøvar å stille. I min studie vert eit sentralt spørsmål om eg har intervjuat personar som kan snakke informert om tematikken eg søker å kaste lys på; personar som veit mykje om kva for sosiale tydingar cannabisbruk kan ha og korleis det opplevast å vere ein som bruker cannabis. Personane eg har intervjuat har brukt cannabis jamleg gjennom mange år og har såleis brei erfaring som cannabisbrukarar. Denne erfaringa over tid gjer at dei kan legge fram variasjonane i fenomenet på ein annan måte enn personar som berre har prøvd cannabis få gongar eller i ein kort periode. Ved at dei er unge vaksne som har trappa ned eller sluttat med cannabis, sit dei også med erfaring både med å vere på innsida av

fenomenet og i marginane. Denne mellomposisjonen meiner eg tilfører endå fleire nyansar i forteljingane om fenomenet (sjå også kapittel 1 , samt artikkel 1 og 2).

Reliabilitet handlar om på kva måtar forskaren sin posisjon kan kome til å prege forskingsarbeidet. Er det spesielle faktorar ved forskaren som kan peike i retning av at resultata skuldast at det var denne forskaren og desse deltakarane som var med (Tjora 2012: kap. 7)? Er det rimeleg å vente at andre erfarte cannabisbrukarar i interaksjon med ein annan forskar, med liknande bakgrunn og med dei same spørsmåla, ville fortelje mange av dei same forteljingane som dei gjorde i dette prosjektet? Eller er det grunn til å tru at det ville vere "systematiske" skilnader i forteljingane, det vil seie skilnader som går i ei bestemt retning? Det er ingen personlege band mellom meg og deltakarane, og vi visste svært lite om kvarandre før intervjuet. I utgangspunktet er det ikkje grunn til å tru at det er nokon heilt spesielle trekk ved meg som skulle generere heilt spesielle forteljingar om cannabisbruk i intervjuet.

Ein faktor eg stadig har vurdert innverknaden av er det at eg ikkje har prøvd cannabis sjølv og såleis representerer "dei andre" i intervjuasjoner. Denne problematikken er løfta fram i artikkel 4. Eg valde å leggje vekt på ei akseptante haldning og at eg var ute etter å forstå kva cannabis betydde for dei. Dette opplevde eg var faktorar som betydde endå meir enn, og gjorde det mindre viktig om, eg hadde brukt cannabis sjølv. Intervjuinteraksjonen genererte mange variantar av både positive forteljingar, forherligande forteljingar, normaliserande forteljingar og problemfortelingar.

Mangfaldet i forteljingar, på tvers av og internt i intervjuet, meiner eg peikar mot at andre forskarar (også dei med eigenerfaring) ville generere om lag dei same forteljingane ved å stille dei same spørsmåla. Spørsmålet om kvifor ei forteljing vert fortalt og kven den er retta mot må likevel alltid vere ein del av analysearbeidet. Eg har nokre gongar gjort desse vurderingane eksplisitte i både artikkel 1, 2 og 4.

I artiklane legg eg fram fleire avgrensa syn på, eller fleire ulike forståingar av kva cannabisbruk betyr for unge vaksne. I kapittel 1 og 2 i denne kappa har eg kopla artiklane til den større sosiale konteksten dei er del av. Eg har teikna opp det

sosialpolitiske feltet og vist fram ulike profesjonelle og folkelege forteljingar i feltet, og korleis desse korresponderer til ulike forteljingar i intervjuet. Gjennom å kople intervjutekstane til desse større forteljingane, håper eg å ha formidla eit nyansert og variert, men ikkje universelt biletet, av kva dei sosiale betydingane av cannabisbruk kan vere.



## 4. Fire ulike inngangar for å forstå tydingane av cannabisbruk

I dette kapitlet introduserer eg dei fire artiklane i avhandlinga. Eg har valt å skrive meir utfyllande samandrag her enn dei som står i artiklane (abstracts). Dette gjer eg for å få formidla funna i artiklane på ein meir fullstendig måte til norske lesarar som ikkje vil lese artiklane på engelsk. I tillegg gjer eg koplingar mellom funn på tvers av artiklane, og viser på den måten korleis dei fire artiklane heng saman og utfyller kvarandre.

Dette kapitlet kan gjerne lesast før eller uavhengig av artiklane, men det vil truleg vere nyttig å også vende tilbake til dette kapitlet etter at ein har lest artiklane. På den måten vert det lettare for lesaren å gripe koplingane mellom artiklane og heilskapen i prosjektet.

### Artikkkel 1: Negotiating identities: patterns of self-presentations among socially integrated cannabis users

[Kåre Heggen er medforfattar. Publisert i *Young – Nordic Journal of Youth Research*, 2014, 22 (4), 381-398].

I denne artikkelen undersøkjer vi korleis deltakarane presenterer seg sjølv som cannabisbrukarar. Vi leitar etter felles tema på tvers av intervjuet og samlar desse i fire typiske forteljingar om korleis deltakarane snakkar om seg sjølv som cannabisbrukarar på: Forteljinga om den brende brukaren, den uansvarlege brukaren, den ansvarlege brukaren og cannabisprofeten. Vi diskuterer korleis deltakarane kombinerer ulike forteljingar i presentasjonen dei gir av seg sjølv i intervjuet, og kva for funksjonar dei ulike forteljingane har. Analysane bidreg til å vise fram noko av den kompleksiteten som ligg i cannabis som ressurs for identitetsarbeid. Cannabisbruk tilbyr både aktive og attraktive subjektposisjonar, og meir problematiske og avhengige posisjonar. Auka innsikt i konkurrerande forteljingar om cannabisbruk i den større konteksten og korleis individua nyttegjer seg av desse i sine forteljingar om seg sjølv,

kan vere nyttig både på det politiske feltet og på behandlingsfeltet. Teoretisk bidreg artikkelen til den narrative litteraturen, særleg ved å trekke merksemda mot forteljaren sin no-situasjon for å forstå forteljingane deira om fortida og forventingane om framtida.

I artikkelen viser vi korleis intervju finn stad innanfor ein nasjonal kontekst kjenneteikna av ein restriktiv narkotikapolitikk, der besittelse, bruk og omsetting av cannabis og andre stoff definerte som narkotika er ulovleg, og der smugling og omsetting vert møtt med strenge straffreaksjonar. Den strenge narkotikapolitikken vert reflektert i intervju i form av ei forteljing der bruk av cannabis og andre illegale rusmiddel er knytt til risiko. I denne forteljinga har individet avgrensa kontroll over handlingane sine, og cannabisbruk kan føre til avhengigkeit og andre rusmiddelrelaterte problem. Cannabis som inngangsport til bruk av andre "hardare" stoff er viktig i denne forteljinga. Vi kallar dette den restriktive, offisielle forteljinga om narkotika, og denne liknar på det Rødner Sznitman (Rødner 2005) omtalar som "den nasjonale narkotikadiskursen" i Sverige.

Samstundes finst det ei konkurrerande forteljing om cannabisbruk i den norske konteksten, som også vert brukt som ein ressurs i intervjuforteljingane. Denne forteljinga reflekterer det Sandberg og Pedersen (2010) omtalar som cannabiskultur. I den liberale, subkulturelle forteljinga er ikke cannabisbruk knytt til risiko, men heller til ungdom, uavhengigkeit, ikke-konformitet og openheit. I denne forteljinga er cannabis eit harmlaust rusmiddel som vert brukt av velintegrerte menneske og som bør legaliserast. Normaliseringsteser har gjenklang i denne forteljinga; det å bruke cannabis har vorte så vanleg at det å ikke ha prøvd er "unormalt", til dels også i tydinga suspekt. I denne forteljinga er det ingen grunn til å trappe ned eller slutte med cannabis, fordi stoffet er harmlaust og tilfører positive erfaringar og opplevingar. Vi finn såleis to sterke og motstridande hovudforteljingar om cannabisbruk i intervju, som deltakarane brukar og posisjonerer sine sjølvforteljingar i forhold til. Desse kulturelle narrativa (Loseke 2007) reflekterer viktige trekk ved den nasjonale

konteksten; dei fortel noko om korleis cannabisbruk vert sett på og kva for sosiale tydingar cannabisbruk har i Noreg.

Vi tenkjer på desse to hovudforteljingane som ytterpunktene på ein akse, som dannar grunnlag for ulike forteljingar om kven cannabisbrukarar er. Vi finn også ein andre akse som forteljingane om kven ein er som cannabisbrukar kan ordnast langs; mellom forteljingar som kretsar rundt problem knytt til rusmiddelbruk og forteljingar der bruken ikkje er skildra som problematisk. Ut i frå dette utviklar vi ein modell med fire sentrale måtar å snakke om seg sjølv som cannabisbrukar på (Tabell 2); forteljinga om den brende brukaren, om den uansvarlege brukaren, om den ansvarlege brukaren og om cannabisprofeten.

Eg har lagt inn litt meir utfyllande skildringar av kvar forteljing i den versjonen av modellen som står her enn i den aksepterte artikkelen. På denne måten vert forteljingane i modellen meir sjølvforklarande, slik at eg kan gå direkte over til å vise korleis forteljingane vart brukte.

Tabell 2 Mønster i sjølvpresentasjonane

	<i>Forteljingar som er i tråd med den restriktive offisielle forteljinga om illegale rusmiddel</i>	<i>Forteljingar som er i tråd med den liberale subkulturelle forteljinga om cannabis</i>
<i>Kretsar rundt problem knytt til rusmiddel-bruk</i>	<p><b>Den brende brukaren</b></p> <p>Meiner at cannabisbruk kan vere skadeleg, og at individuell sårbarheit for å utvikle rusmiddelrelaterte problem kan vere vanskeleg å forutsjå (kan ramme uventa).</p> <p>Har opplevd dei potensielle farane ved cannabisbruk og har ikkje greidd å leve opp til idelet om kontroll og å kunne bruke cannabis rekreasjonelt. Bruker ofte cannabis åleine og i skjul. Bruken er ofte skildra på måtar som minner om sjølvmedisining; flukt frå vanskelege kjensler og opplevelingar.</p> <p>Er negativ til legalisering av cannabis.</p>	<p><b>Den uansvarlege brukaren</b></p> <p>Meiner at individua har ansvar for og kapasitet til å gjere frie og sjølvstendige val.</p> <p>Meiner at cannabis i seg sjølv ikkje har skulda for problema den uansvarlege brukaren har opplevd. Problema vert forklarte ut i frå eigenskapar ved individet, eller trekk ved samfunnet. Den uansvarlege brukaren har t.d. begynt å bruke i for ung alder eller for intensivt. Problema kan også forklaraast ved at stoffet har status som illegalt; dette fører til paranoia og angst.</p> <p>Støttar legalisering av cannabis.</p>
<i>Bruken er ikkje skildra som problematisk</i>	<p><b>Den ansvarlege brukaren</b></p> <p>Meiner at cannabis kan vere skadeleg for enkelte. Utvikling av rusproblem er kopla til vanskeleg sosial bakgrunn, psykologiske disposisjonar og sårbare periodar.</p> <p>Eigen bruk er eit resultat av eit aktivt val, bruker av "dei rette grunnane": Cannabis bidreg positivt til sosiale relasjonar, tilfører kulturelle aktivitetar ein ekstra dimensjon.</p> <p>Den ansvarlege brukaren har eit reflektert forhold til eigen cannabisbruk, kan kontrollere bruken og tilpasse den til krav frå andre livsarenaer (jobb, familie).</p> <p>Er ambivalent til legalisering.</p>	<p><b>Cannabisprofeten</b></p> <p>Meiner at cannabis er harmlaust. Alle burde prøve cannabis fordi det bidreg til personleg utvikling. Legg også vekt på skilnader mellom brukarar og ikkje-brukarar.</p> <p>Meiner at cannabis har bidrege til auka kunnskap og innsikt på mange ulike felt. Dette gjer at cannabisbrukarar er forskjellige frå og betre enn ikkje-brukarar.</p> <p>Argumenterer for legalisering.</p>

Vi finn at deltakarane kombinerer dei ulike forteljingane i presentasjonane dei gir av seg sjølve i intervjuet. I nokre intervju var ei av forteljingane dominerande, men det var aldri berre ei forteljing som vart brukt. Det vanlege var at den intervjuva forhandla mellom to, og nokre gongar tre, av dei fire forteljingane. Bruken av forteljingane om den brende brukaren og den uansvarlege brukaren medfører mindre attraktive subjektposisjonar (offer, utan kontroll), og desse narrativa er vanskelegare å fortelje. Slike narrativ vert supplerte med andre, der handlingsevne, kontroll og evna til å velje er sentrale; forteljingane om den ansvarlege brukaren og profeten.

I alle intervju la deltakarane sin livssituasjon på intervjuditpunktet føringar for kva for forteljingar dei brukte og korleis dei brukte dei. For deltakarar som var fornøgde med livssituasjonen sin var det lettare å forklare negative hendingar som mindre alvorlege, og som ikkje å ha avgjerande betyding for korleis livet deira hadde utvikla seg vidare. Det er lettare å *unngå* forteljingane som medfører mindre attraktive subjektposisjonar (den brende og den uansvarlege brukaren), eller å *ramme dei inn* som ubetydelege, når no-situasjonen viser at ein har "klart seg bra". For andre, som levde med angstproblematikk eller som på andre måtar hadde det vanskeleg på intervjuditpunktet, var forteljingane om den brende eller den uansvarlege brukaren meir aktuelle og vanskelegare å unngå. Forteljingane om fortida til deltakarane vart såleis rekonstruert på måtar som kasta lys over og forklarte kven dei var og korleis dei hadde det i no-situasjonen (jf. Maines et al. 1983).

Vi meiner også å sjå at sosiale bakgrunnsfaktorar har betyding for kva for forteljingar som kan forteljast om cannabisbruk, sjølv om materialet mitt er for lite til at vi kan seie dette med stor grad av sikkerheit. Dei deltakarane som ofte brukte forteljinga om den brende brukaren fortalte om vanskelege oppvekstforhold, slik som fedre som misbrukte alkohol, var fråverande eller var valdelege. Og i dei få intervjuva der profetforteljinga dominerte, såg vi at deltakarane bar med seg indikatorar på marginalisering, slik som skuleproblem i oppveksten og lausare tilknyting til arbeidslivet i vaksen alder. Desse hadde heller ikkje høgare utdanning.

Mange av dei høgt utdanna middelklassedeltakarane brukte profetforteljinga, men den var ikkje den berande forteljinga i sjølv-presentasjonane deira. I desse intervjuia, og i alle intervjuia sett under eitt, var forteljinga om den reflekterte brukaren den mest brukte. Vi tolkar dette som eit uttrykk for at dette er den lettaste forteljinga å formidle, fordi den er i samsvar med den offisielle forteljinga om narkotika og såleis er meir akseptabel frå "normalsamfunnet sitt perspektiv". Vidare er dette ei forteljing som muliggjer ei notid og ei framtid der ein lever opp til konvensjonelle forventingar om utdanning, arbeid og familieetablering, samstundes som ein held fast på at ein er ein person som tek sjølvstendige val og ikkje fylgjer alle reglar ukritisk.

## Artikkelen 2: Remaining a user while cutting down: the relationship between cannabis use and identity

[Publisert i *Drugs: Education, Prevention and Policy*, 0 (Early Online), 1-10. Mai 2014]

Også i den andre artikkelen er identitet det sentrale temaet, men her er fokuset på korleis det å vere ein som har røykt mykje cannabis, men som har trappa ned eller slutta, vert gjort greie for i intervjuia. Korleis vert denne endringa snakka om i forteljingane om kven dei er? Artikkelen tek utgangspunkt i den rådande identitetsforståinga innanfor forsking på sjølvvendring i høve problematisk rusmiddelbruk (natural recovery, self-change), og viser korleis ei identitetsforståing som er meir fleksibel, kan gje andre innsikter i individ sin prosess med å kontrollere og endre rusmiddelbruken sin.

I recovery-forskinga har det vore ei meir statisk forståing av identitet, der rusmiddelbrukaren har hatt ein identitet som har vorte skada av rusmiddelbruken. Denne identiteten må ein finne fram til igjen, eller ein må skape ein ny identitet viss ein skal greie å få kontroll over rusmiddelbruken (Neale et al. 2011). McIntosh og McKeagene (2000) legg vekt på at recovery inneber at ein må ta avstand frå identiteten som rusmiddelbrukar, og skape ein distanse til rusmidla, settingane der ein brukte rusmiddel og dei ein brukte saman med. I denne tradisjonen handlar såleis

recovery om å reparere ein "øydelagd" (spoiled) identitet. Her er handling og identitet nær kopla. Å bruke eit rusmiddel inneber at ein er ein rusmiddelbrukar, og omvendt; det å ikkje bruke inneber at ein er ein ikkje-brukar eller eks-brukar. Vidare vert endra identitet ein føresetnad for å slutte og vice versa.

Det eine teoretiske bidraget i artikkelen er at den legg vekt på at endra praksis ikkje nødvendigvis fører med seg større endringar i sjølvforteljingane til informantane. For mange er det eit poeng at dei framleis vil vere "den same", at dei ikkje har endra syn på cannabis og at cannabisbruk framleis bidreg positivt til sjølvforteljingane deira, sjølv om dei ikkje røyker/ikkje røyker like mykje lenger, og sjølv om dei har opplevd problem som fylgje av bruken. Mange identifiserer seg ikkje med å ha sluttat, sjølv om dei ikkje har brukt cannabis på mange år eller bruker svært sjeldan. I staden identifiserer dei seg med cannabis og dei positive konnotasjonane som er knytt til stoffet, slik som uavhengigkeit, ikkje-konformitet og openheit. Dei ønskjer dermed ikkje å skape ein distanse til cannabis og bruken sin av dette, men held fram med å bruke cannabis som ein positiv ressurs i sjølvforteljingane sine også etter at dei har sluttat eller trappa ned. Koplinga mellom praksis og identitet treng dermed ikkje vere så tett som det som vert formidla i mykje av recovery-forskinga: Sjølv om ein i praksis ikkje bruker cannabis lenger, kan ein likevel identifisere seg med dei symbolske tydingane cannabis ber med seg. For mange er det slik at dei ikkje sluttar å "vere ein som bruker cannabis", sjølv om dei (nesten) ikkje brukar cannabis lenger.

Det andre teoretiske bidraget i artikkelen er utviklinga av cannabisbrukarar som eit Goffmansk "performance team" eller "imagined community" i omgrepsbruken til Benedict Anderson (1983). Dei som bruker cannabis er vane med å forsvare seg mot ålmenta sine kategoriseringar av dei som "narkotikabrukare". Den merkelappen "normalsamfunnet" og særleg motstandarar av illegale rusmiddelet set på cannabisbrukarar, er ei utanfrå-kategorisering, og motstanden mot å bli definert inn i ein einsarta kategori er paradoksalt nok med på å skape ei form for fellesskap mellom dei som bruker cannabis. Det at cannabisbrukarar må forsvare rusmidlet og bruken sin av dette, gjev dei eit fellesprosjekt som gjer at dei kan sjåast som eit "performance

team". "Laget" samarbeider om å oppretthalde førestillinga om cannabis som eit harmlaust og behageleg rusmiddel som kan brukast på kontrollerte måtar av dei aller fleste. Sjølv om det å vere ein cannabisbrukar kan gjerast og opplevast på svært ulike måtar, blir dette forsvaret av stoffet noko felles. For mange vert forsvaret ein ressurs i identitetsarbeidet fordi det representerer ei forståing som står i kontrast til, og vert oppfatta som meir nyansert eller opplyst enn den oppfatninga som vert formidla gjennom den strenge norske narkotikapolitikken.

I den publiserte versjonen av artikkel 2 vert ikkje diskusjonen av cannabisbrukarar som eit performance team direkte kopla til diskusjonen av cannabis som subkultur. Defineringa av cannabisbrukarar som eit performance team kan likevel sjåast som ei stadfesting og vidareutvikling av Sandberg og Pedersen (2010) si forståinga av cannabiskultur. Som performance team representerer ikkje brukarane ein subkultur i form av ei klart definert gruppe av individ, men dei brukar og er knytt til felles forteljingar som dei samarbeider om å oppretthalde. Dei samarbeider om å oppretthalde forteljinga om cannabis som eit harmlaust stoff som kan brukast på ein kontrollert måte av dei aller fleste. Performance team omgrepet tydeleggjer ein dimensjon ved subkulturen; fellesskapet og forpliktinga som ligg i det å ha felles forteljingar om noko som er viktig for ein og som ein må forsvare mot andre og konkurrerande forteljingar. Performance team omgrepet kan likevel ikkje erstatte subkulturomgrepet, fordi subkultur femner breiare og har ein lang tradisjon i forskinga på unge og på illegal rus bruk.

Forpliktinga som ligg i fellesforteljinga om cannabisbruk gjer det vanskeleg å snakke om opplevde negative sider i tilknyting til bruken. Dersom ein fortel om at ein har opplevd problem knytt til bruken eller at ein ønskjer å slutte eller trappe ned, svekkjer ein forteljinga om cannabis som harmlaust. Kvifor vil ein slutte å bruke eit rusmiddel som er harmlaust, som bidreg til personleg utvikling og som opne, fritt-tenkande og sjølvstendige individ kan bruke på kontrollerte måtar? Problem knytt til cannabisbruk blir derfor ofte forklart med faktorar som ligg utanfor stoffet i seg sjølv (t.d. feil

grunnar til å bruke og feil måtar å bruke på), slik eg har diskutert i dei ulike forteljingane om cannabisbrukarar i artikkel 1.

Innanfor det subkulturelle repertoaret av forteljingar om cannabis er dermed ikkje det å slutte med cannabis eit legitint mål, men i staden noko som må forklarast og forsvarast. Dialogen med dei subkulturelle forteljingane bidreg til at det blir komplisert både å snakke om å slutte og å faktisk slutte med cannabis for brukarar som ønsker det eller som opplever det som nødvendig. Dette peikar mot at utfordringane med å kome vekk frå rusmiddelbruk som vert opplevd som problematisk delvis ligg på eit sosialt og symbolsk nivå, i ei form for lojalitet til stoffet og til andre brukarar. Denne forståinga er eit viktig supplement til og nyansering av tradisjonelle medisinske og psykologiske forståingar av avhengigheit og recovery.

### **Artikkel 3: Female cannabis users and new masculinities: the gendering of cannabis use**

[Sveinung Sandberg er medforfattar. Publisert i *Sociology, 0 (Early Online)*, 1-16. September 2014]

Utgangspunktet for denne artikkelen var ei undring over kvifor det var så vanskeleg å rekruttere kvinnelege cannabisbrukarar til studien min og diskusjonar med deltakarane om grunnane til dette (sjå kapittel 3). I desse diskusjonane vart det gjerne hevda at eg ikkje kunne vente å nå så mange kvinnelege brukarar, fordi det ikkje var så mange kvinner som hadde erfaringar med dagleg bruk, at kvinner sjeldan var like "ivrige" som menn, at kvinner i større grad var "ferdige med" å røyke cannabis, at dei hadde "lagt det bak seg" og dermed var mindre villige til å skulle snakke om desse erfaringane med ein framand.

I intervjua var det også påfallande korleis kvinner vart plasserte i bakgrunnen i forteljingane om cannabisbruk. Dei kvinnelege deltakarane tenderte mot på ulike måtar å kople cannabisbruken sin til menn; dei vart introduserte til cannabis gjennom

ein mannleg venn eller kjærast, dei brukte som regel å røyke saman med ein kjærast eller saman med ein vennegjeng der menn var i fleirtal, og dei hadde sjeldan kjøpt cannabis sjølv. Kvinner sin cannabisbruk vart dermed ofte skildra som avhengig av andre, og som mindre viktig for dei enn for deira mannlege motstykke.

Medan menn vart tildelt sentrale posisjonar i dei kvinnelege brukarane sine forteljingar, hadde kvinner knapt nokon plass i mennene sine forteljingar om cannabisbruk. Som regel vart ikkje kvinnelege brukarar nemnt i det heile tatt, før vi spesifikt spurte om det fanst nokon jenter i røykeforteljingane deira. Cannabisbruk vart primært skildra som ein mannleg aktivitet; dei røykte saman med andre menn og det var andre menn som vart skildra som viktige i "brukarkarrierane" deira. Når dei vart spurte direkte, kunne dei likevel fortelje om kvinnelege brukarar. Desse forteljingane var anten anekdotiske; dei hadde ein gong kjent ei jente som var ein "jævlig ivrig røyker", eller forteljingane var om ein kjærast som røykte av og til, eller – endå meir vanleg – dei handla om ein kjærast som ikkje likte at dei røykte cannabis (så mykje som dei gjorde).

På grunn av desse observasjonane i intervjuet ønska vi å finne ut korleis deltagarane "gjorde" feminitet og maskulinitet i forteljingane sine om cannabisbruk. For å få kvinnene fram frå bakgrunnen valde vi å konsentrere oss om deira forteljingar og å utforske kva for roller og posisjonar dei hadde i dei sosiale samanhengane der dei brukte cannabis, og korleis dei snakka om bruken. Ut i frå ei forståing av kjønn som sosialt produsert praksis, leita vi etter måtar kvinnene *gjorde* både tradisjonelle og utradisjonelle feminitetar og maskulinitetar på, gjennom forteljingar om cannabisbruk (jf. Measham 2002, Messerschmidt 1995).

Kvinnene si viktigaste tilnærming til cannabisbruk var å gjøre tradisjonell feminitet ved å vere mindre involvert i brukarnettverk, ikkje kjøpe cannabis sjølve, bruke cannabis på meir kontrollerte måtar og fortelje om ubezag og bekymringar i samband med bruken. Likevel gjorde dei også maskulinitet, til dømes når dei skaffa cannabis til seg sjølve og vennane sine, når dei demonstrerte kompetanse gjennom å rulle jointar, når dei

"røykte hovudet av" vennane sine og ga seg hen til rusen. Dei gjorde også maskulinitet når dei identifiserte seg som ivrige og sjølvstendige brukarar med ein sentral posisjon i nettverket av cannabisbrukarar.

Den forma for maskulinitet knytt til cannabisbruk som vi identifiserer er likevel ulik den protestmaskuliniteten som ofte vert skildra i tilknyting til andre ruskulturar.

Protestmaskulinitet vert mellom anna skildra i studiar av arbeidarklassekultur og gatekultur, og sentrerer rundt bruk av alkohol og hardare stoff, valdsbruk og sexism (sjå Connell 2005, Mullins 2006, Willis 1977). Den forma for maskulinitet som omgjev cannabisbruk i våre data kombinerer i staden nordisk likestillingsideologi med ei verdsetting av avslapping, leik og det å ikkje ta ting så alvorleg. Den handlar også om ein protest mot det Connell (2005: 132) kallar "masculine striving"; strevet etter suksess i majoritetskulturen. Det å lukkast i utdanning og arbeidsliv kan både vere akseptert og verdsett innanfor denne nye maskulinitetsforma, men det å *streve* etter suksess vert sett ned på. Det å vere ung, fri og å ráde over seg sjølv vert idealisert, medan det å vere etablert, "satt", lydig og konform vert sett ned på. Individet sin rett til å bestemme over seg sjølv er i sentrum for denne maskulinitetsforma, og så lenge ein gjer noko av eigen, fri vilje, er til og med konforme livsval akseptable.

Vi har såleis å gjere med ei mjukare, meir likestillingsorientert og ikkje-konkurranseprega form for maskulinitet som kan lesast som ein protest både mot konkurranserettinga i hegemonisk maskulinitet og valden og sexismen i protestmaskulinitetar. Dette gjer også at dette er ei form for maskulinitet som lettare kan praktiserast av kvinner også. Kvinner kan ta del i cannabisbrukande fellesskap og i cannabisøkonomien, dei kan bruke cannabis på same måte og i same grad som menn. Mannlege brukarar i studiane våre uttrykte både aksept og respekt for dette. Likevel vart det framheva at kvinner handla atypisk for sin kjønnskategori når dei gjorde dette, og dette kan forklare kvifor kvinner i hovudsak praktiserte meir tradisjonelle feminitetar i sine forteljingar om cannabisbruk. Kvinner og menn vert haldne ansvarlege for handlingane sine som medlemmar av ein kjønnskategori både når dei gjer ting som er i samsvar med rádande normative forventingar og når dei gjer ting

som avvik frå desse (West & Fenstermaker 1993). Sjølv om kvinner og menn gjer både feminitet og maskulinitet, er det krevjande over tid å bryte med normative forventingar til den kjønnskategorien ein er plassert i. Ei viktig innsikt frå denne studien er dermed at betydinga av kjønn ikkje forsvinn eller sluttar å vere relevant sjølv i progressive kulturar der likestillingsideologi er viktig. Kjønn tek i staden nye former og vert gjort på både tradisjonelle og nye måtar.

I artikkelen skriv vi ikkje eksplisitt om identitet, men det er klart at det å gjere feminitet og maskulinitet også handlar om dette. Kjønn har betydning for kva for forteljingar om cannabis som vert fortalt og korleis, og på kva måtar dei vert brukte som ressursar i sjølvforteljingane til deltakarane. Fordi cannabisbruk er knytt til maskulinitet, kommuniserer "ivrig" kvinnelege brukarar på ein endå kraftigare måte enn menn at ho ikkje bryr seg om konvensjonar og er i stand til å gjere eigne val. Samstundes kan normative forventingar knytt til kjønn påverke kva for typar forteljingar om cannabisbruk kvinner og menn fortel og gjer viktige i sjølvforteljingane sine. Tradisjonelle forventingar til feminitet kan til dømes gjere det vanskelegare for kvinner å bruke profetforteljinga som er skissert i artikkel 1, medan forteljinga om den brende brukaren kan vere meir tilgjengeleg. Dette tyder sjølv sagt ikkje at kjønn styrer kva for forteljingar som vert fortalte, men at kjønn formar forteljingane til den enkelte og kva for repertoar av forteljingar som er tilgjengeleg.

#### **Artikkelen 4: Sensitive tema og hårsåre informantar som metodologiske utfordringar i kvalitativ forsking.**

[Publisert i *Sosiologisk Tidsskrift*, 2012, 20 (1), 7-26.]

Den fjerde artikkelen er ein metodologisk artikkel, der eg diskuterer utfordringar knytt til å rekruttere deltakarar til og gjere intervju om sensitive forskingstema. På bakgrunn av desse utfordringane diskuterer eg korleis ideen om intervjuarnøytralitet er problematisk i seg sjølv, og viser korleis det i sensitive forskingsprosjekt vert særleg tydeleg at data er konstruerte i samspel mellom forskar og deltakar.

Cannabisbruk kan forståast som eit sensitivt forskingstema på den måten at det dreiar seg om ein illegal aktivitet som kan føre til formelle og uformelle sanksjonar for deltakarane dersom det vert kjent at dei er med i studien. Cannabisbruk er i tillegg eit politisert tema som mange meiner mykje om. I samtalar om slike tema vil ofte arbeidet med å posisjonere den andre og seg sjølv verte tydeleg. Det å finne ut kvar den andre står og plassere seg sjølv i forhold til dette blir viktig, og identitetsarbeidet til deltakarane vert dermed særleg synleg. Eg argumenterer for at cannabisbrukarar må forståast som ei sensitiv informantgruppe, på den måten at dei er vare for stigmatisering og i beredskap for å forsvare seg mot forventa skuldingar. Rommet for "face work" (Goffman 1972); behovet for å bevare eller utfordre partane sine sjølvpresentasjonar vert stort, og interaksjonen både i rekrutteringsfasen og i intervjuet kan lettare bryte saman.

Sjølv om eg definerer cannabisbruk som eit sensitivt forskingstema, varierte det i kva grad sensitivitet vart aktualisert i intervjuet. Trekk ved den lokale konteksten, slik som intervjuaren sin biografi, erfaring, språkbruk og framtoning, samt intervupersonen si tolking av desse bidrog til å gjøre temaet meir og mindre sensitivt. I artikkelen diskuterer eg korleis min posisjon som ikkje-brukar av cannabis vart aktualisert i nokre av intervjuet, og korleis dette verka inn på interaksjonen. I desse intervjuet opplevde eg at det viktigaste var at eg signaliserte at eg ikkje var negativ til deltakarane og deira erfaringar, og at eg bygde ned eventuell avstand ved å understreke toleranse for at andre vel å bruke cannabis. På denne måten opna eg for at dei kunne kritisere ikkje-brukarar som var negative til cannabisbruk, utan at dei då kritiserte meg/ikkje-brukarar generelt.

Samstundes er konstruksjonen av sensitivitet avhengig av ein større sosial kontekst utanfor intervjuet; av informanten sin livssituasjon og erfaringar, til dømes erfaringar med spesifikke forteljingar og skuldingar cannabisbrukarar ofte kan bli møtt med. Til dømes synest ein av dei manlege deltakarane si "forsvarstale" å vere retta mot tidlegare kjærastar som hadde gjort det slutt med han på grunn av rusbruken hans. Refleksivitet i både intervjuasjoner og i analysearbeidet blir dermed løfta fram som

særleg sentralt i arbeidet med sensitive forskingstema. I tillegg til å sjå på kva som vert fortalt, må forskaren vere sensitiv for korleis og kvifor dei ulike forteljingane i intervjua vert fortalt; kven dei er retta mot og kva for funksjon dei har.

### Samling av trådane

Samla sett bidreg denne avhandlinga til kunnskap om ei gruppe rusmiddelbrukarar som det har vore mindre fokus på i forskinga. Artiklane gjev innsikt i dei sosiale og kulturelle betydningane av cannabisbruk i den norske konteksten gjennom forteljingane til sosialt integrerte cannabisbrukarar. Eg argumenterer for at subkulturteori framleis er relevant for å forstå cannabisbruk i norsk kontekst, også blant sosialt integrerte brukarar. Sjølv om deltakarane i studien ikkje er opptekne av estetikken knytt til cannabisbruk og dei har mindre fokus på rituala og sjargongen enn det Sandberg og Pedersen (2010) skildrar, er forteljingar frå cannabiskulturen viktige i deltakarane sine sjølvforteljingar. Forteljingane om cannabisbruk er verdifulle ressursar for identitetsarbeid ved at dei symboliserer slike eigenskapar som openheit for nye erfaringar, sjølvstende og at ein ikkje er konservativ og "satt".

Dei to første artiklane er tett kopla tematisk, då begge handlar om korleis forteljingar om cannabisbruk vert brukt som ressursar i individua sitt identitetsarbeid. I artikkkel 1 identifiserer vi typiske forteljingar om kven cannabisbrukarar er og undersøkjer korleis desse vert brukte og kombinerte i dei individuelle sjølvpresentasjonane. I artikkkel 2 skiftar eg fokus til korleis forteljingar om det å kontrollere og redusere cannabisbruken vert brukt i deltakarane sine forteljingar om kven dei er. Til saman viser dei to artiklane at cannabisbruk er noko som er betydningsfullt i individua sine sjølvforteljingar.

Samstundes finst det ulike måtar å gjere cannabisbruk på, og nokre måtar er vurdert meir positivt enn andre. Som vi viser i artikkkel 1 er forteljinga om den ansvarlege brukaren den mest brukte forteljinga i intervjua. Denne ligg nær opp til den dominerande forteljinga om illegale rusmiddel i Noreg; den restriktive, offisielle forteljinga der illegal rusbruk er kopla til risiko for avhengigheit og andre

rusmiddelrelaterte problem. Den ansvarlege brukaren anerkjenner at cannabisbruk kan føre til problem for enkelte, men for dei som brukar av "dei rette" grunnane og på dei rette måtane, kan cannabisbruk kontrollerast. Forteljinga om den ansvarlege brukaren legg vekt på likskapar mellom cannabisbrukarar og ikkje-brukarar, og kan lettare innarbeidast i ei meir konvensjonell sjølvforteljing. Det at denne forteljinga synast lettast å fortelje og er den mest dominerande i materialet mitt, kan sjåast i samanheng med den sosiale posisjonen til deltakarane i studien. Dette er unge vaksne, sosialt integrerte brukarar som har trappa ned eller slutta på eiga hand, og som på dei fleste parameter lever konvensjonelle liv. Dei har fast bustad, er i utdanning eller jobb, dei fleste har partnar og fleire har eller ventar born. Det kan godt tenkast at det narrative repertoaret til desse cannabisbrukarane skil seg frå repertoaret til andre grupper av cannabisbrukarar, slik som heilt unge brukarar, dei som står utanfor arbeidsliv og utdanning, og dei som kjem til behandling for rusmiddelproblem.

I mitt materiale er det såleis den ansvarlege og reflekterte cannabisbrukaren som held fram med å bruke, men som avpassar bruken og også meistrar krava frå andre livssfærar som er den høgast vurderte identitetsforteljinga. Cannabisbruk får dermed primært posisjon som ein smak av noko spanande ukonvensjonelt i deltakarane sine forteljingar om seg sjølve. Dette elementet i sjølvforteljingane er viktig og dei fleste vil ikkje gje slepp på det sjølv om dei ikkje brukar (like mykje) cannabis lenger (artikkel 2). Likevel er det ikkje legitimt å gje det for stor plass. Det å gjere "cannabisbrukar" til ein masterstatus som går på tvers av alle forteljingane ein har om seg sjølv, vert i staden sett ned på.

Også kjønn har betyding for korleis det å vere ein cannabisbrukar vert utøvd, opplevd og fortalt om (artikkel 3). Vi finn at cannabisbruk er kopla til ei form for maskulinitet, som idealiserer det å vere ung, fri og uavhengig, medan det å vere etablert, lydig og konform vert sett ned på. Dette er ei mjukare, meir likestillingsorientert og ikkje-konkurranseprega form for maskulinitet enn det som er skildra i andre ruskulturar, og den kan lettare praktiserast av kvinner også. Likevel merker kvinnelege cannabisbrukarar seg ut og vert spesielt synlege fordi cannabisbruk er koda som

maskulint og dermed vert oppfatta som atypisk handling for medlemmar av den kvinnelege kjønnskategorien. Dette kan forklare kvifor kvinner i hovudsak gjorde meir tradisjonelle feminitetar i sine forteljingar om cannabisbruk, ved å plassere seg i meir perifere posisjonar i cannabisbrukande fellesskap og å gjere cannabisbruk mindre sentralt i sjølvforteljingane enn det mange menn gjorde.

Vidare uttrykkjer deltakarane ei form for lojalitet til enkelte av forteljingane om cannabisbruk. Forteljinga om cannabisbruk som eit harmlaust og behageleg rusmiddel som kan brukast av dei aller fleste på kontrollerte måtar er ei sentral felles forteljing blant brukarane (artikkel 2). Det å uttrykkje at ein ønskjer å redusere eller avslutte bruken inneber eit brot med denne forteljinga, og det kan også bli forstått som ein kritikk mot rusmidlet og andre sin bruk av det. Dette kan gjere det vanskeleg å snakke om å slutte og å faktisk slutte for dei som ønskjer det. Det ligg såleis ei binding i denne forteljinga som gjer at ein kan sjå cannabisbrukarar som det Goffman (1971) kallar eit "performance team".

Samstundes har deltakarane i denne studien faktisk redusert bruken sin av cannabis; dei har endra bruksmönsteret sitt sjølv om dei framleis støttar forteljinga om cannabis som eit harmlaust og behageleg rusmiddel. Dette ser eg som eit uttrykk for at endra praksis ikkje nødvendigvis inneber vesentlege endringar i sjølvforteljingane. Dei positive konnotasjonane til cannabisbruk vert vidareført i sjølvforteljingane ved at deltakarane ikkje tek avstand frå cannabisbruk sjølv om dei ikkje brukar (like mykje) lenger. Dei held fram med å bruke litt, eller dei held muligheta opa for at dei kan kome til å bruke igjen på eit seinare tidspunkt, sjølv om dei for tida brukar svært lite cannabis eller ikkje i det heile tatt. Dei held såleis fast på forteljinga om ikkje-konvensjonalitet sjølv når dei ikkje bruker lenger og går inn i meir tradisjonelle livsstilprosjekt. Dette peikar også mot at fortolkande studiar retta inn mot å forstå korleis forteljingar om rusmiddelbruk vert konstruert og kva for funksjonar dei har, er viktige for forståinga av avhengigkeit og korleis ein jobbar med rusproblematikk (artikkel 4). Slike perspektiv bidreg til å leggje ut fleire nyansar enn det dei biokjemiske og medisinske modellane kan tilby.

## Referanseliste

- Anderson, B. (1983). *Imagined communities*. London, Verso.
- Andrews, M., Squire, C. & Tamboukou, M. (2008). *Doing narrative research*. Los Angeles, Sage.
- Bachmann, J.G., Wadsworth, K.N., Johnston, L.D., Schulenberg, J.E. & O'Malley, P.M. (1997). *Smoking, drinking, and drug use in young adulthood: The impacts of new freedoms and new responsibilities*. Mahwah, Lawrence Erlbaum.
- Bachs, L. & Tuv, S.S. (2013). Cannabisprodukter i endring. I: Bretteville-Jensen, A.L. (red.) *Hva vet vi om cannabis?* Oslo, Universitetsforlaget, 17-28.
- Barthes, R. (1977). Introduction to the structural analysis of narratives. *Image, music, text. Roland Barthes; essays selected and translated by Stephen Heath*. London, Fontana Press, 79-124.
- Bateson, G. (1972). *Steps to an Ecology of Mind: Collected Essays in Anthropology, Psychiatry, Evolution, and Epistemology*. London, Intertext Books.
- Becker, H.S. (1953). Becoming a marijuana user. *The American Journal of Sociology*, 59 (3), 235-242.
- Bennett, A. (1999). Subcultures or Neo-Tribes? Rethinking the Relationship between Youth, Style and Musical Taste. *Sociology*, 33 (3), 599-617.
- Bertaux, D. (red.) (1981). *Biography and society: The life history approach in the social sciences*. London, Sage.
- Bloor, M. & Wood, F. (2006). *Keywords in Qualitative Methods. A Vocabulary of Research Concepts*. London, Sage.
- Bretteville-Jensen, A.L. (red.) (2013). *Hva vet vi om cannabis?* Oslo, Universitetsforlaget.
- Cascini, F. (2012). Investigations into the hypothesis of transgenic cannabis. *Journal of Forensic Sciences*, 57 (3), 718-721.
- Chen, K. & Kandel, D. (1995). The natural history of drug use from adolescence to the mid-thirties in a general population sample. *American Journal of Public Health*, 85 (1), 41-47.
- Cheshire, L., Broom, A. & Emmison, M. (2009). Archiving qualitative data in Australia: An introduction. *Australian Journal of Social Issues (Australian Council of Social Service)*, 44 (3), 239-254.
- Clarke, J. (1993). The skinheads and the magical recovery of community. I: Hall, S. & Jefferson, T. (red.) *Resistance through Rituals. Youth Subcultures in Post-War Britain*. London, Routledge, 99-102.
- Connell, R.W. (2005). *Masculinities*. Cambridge, Polity Press.
- Czarniawska, B. (2004a). *Narratives in social Science Research*. London, Sage.
- Czarniawska, B. (2004b). The uses of narrative in social science research. I: Hardy, M. & Bryman, A. (red.) *Handbook of Data Analysis*. London, Sage, 649-666.
- Degenhardt, L. & Hall, W. (2006). Is cannabis use a contributory cause of psychosis? *Canadian Journal of Psychiatry*, 51 (9), 556-65.

- Duff, C. (2003). Drugs and youth cultures: Is Australia experiencing the 'normalization' of adolescent drug use? *Journal of Youth Studies*, 6 (4), 433-466.
- Duff, C., Asbridge, M., Brochu, S., Cousineau, M.-M., Hathaway, A.D., Marsh, D. & Erickson, P.G. (2012). A Canadian perspective on cannabis normalization and adults. *Addiction Research and Theory*, 20 (4), 271-283.
- Ellingstad, T.P., Sobell, L.C., Sobell, M.B., Eickleberry, L. & Golden, C.J. (2006). Self-change: A pathway to cannabis abuse resolution. *Addictive Behaviors*, 31 (3), 519-530.
- EMCDDA. (2007). *Annual report 2007: The state of the drugs problem in Europe* [Online]. Luxembourg, European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction. Tilgjengeleg: <http://www.emcdda.europa.eu/publications/annual-report/2007>.
- EMCDDA. (2012). *Annual report 2012: The state of the drugs problem in Europe* [Online]. Luxembourg, European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction. Tilgjengeleg: <http://www.emcdda.europa.eu/publications/annual-report/2012>.
- EMCDDA. (2013). *European drug report 2013: Trends and developments* [Online]. Luxembourg, European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction. Tilgjengeleg: <http://www.emcdda.europa.eu/publications/edr/trends-developments/2013>.
- Erickson, P.G. & Hathaway, A.D. (2010). Normalization and harm reduction: Research avenues and policy agendas. *International Journal of Drug Policy*, 21 (2), 137-139.
- Fergusson, D.M. (2010). Is there a causal linkage between cannabis use and increased risks of psychotic symptoms? *Addiction*, 105 (8), 1336-1337.
- Frønes, I. (2004). Identitet, tegn og kultur - Om identitet i sosiologisk teoridannelse. *Sosiologi i dag*, 34 (3), 27-53.
- Gelder, K. (2005a). Introduction to part one. I: Gelder, K. (red.) *The subcultures reader*. Oxon, Routledge, 19-24.
- Gelder, K. (2005b). Introduction: The field of subcultural studies. I: Gelder, K. (red.) *The subcultures reader*. Oxon, Routledge, 1-15.
- Giddens, A. (1991). *Modernity and Self-Identity. Self and Society in the Late Modern Age*. Cambridge, Polity Press.
- Glaser, B.G. & Strauss, A.L. (1967). *The Discovery of Grounded Theory: Strategies for Qualitative Research*. Chicago, Aldine.
- Goffman, E. (1971). *The Presentation of Self in Everyday Life*. Harmondsworth, Penguin.
- Goffman, E. (1972). On face-work. An analysis of ritual elements in social interaction. *Interaction Ritual. Essays in Face-to-Face Behavior*. New Brunswick, N.J., Aldine Transaction, 5-45.
- Gubrium, J.F. & Holstein, J.A. (2009). *Analyzing Narrative Reality*. Los Angeles, Sage.
- Hall, S. & Jefferson, T. (red.) (1993). *Resistance through Rituals. Youth Subcultures in Post-War Britain*. London, Routledge.
- Hall, W. & Degenhardt, L. (2010). What are the policy implications of the evidence on cannabis use and psychosis? *Addiction*, 105 (8), 1332-1333.

- Hebdige, D. (1993). The meaning of mod. I: Hall, S. & Jefferson, T. (red.) *Resistance through Rituals. Youth Subcultures in Post-War Britain*. London, Routledge, 87-98.
- Henderson, S. (1999). Drugs and culture: The question of gender. I: South, N. (red.) *Drugs. Cultures, Controls and Everyday Life*. London, Sage, 36-48.
- Heritage, J. (1984). *Garfinkel and Etnometodology*. Cambridge, England, Polity Press.
- Holstein, J.A. & Gubrium, J.F. (1995). *The Active Interview*. Thousand Oaks, Sage.
- Ioannou, S. (2003). Young people's accounts of smoking, exercising, eating and drinking alcohol; being cool or being unhealthy? *Critical Public Health*, 13 (4), 357-371.
- Jenkins, R. (2008). *Social Identity*. London, Routledge.
- Järvinen, M. (2001). Accounting for trouble: Identity negotiations in qualitative interviews with alcoholics. *Symbolic Interaction*, 24 (3), 263-284.
- Järvinen, M. & Demant, J. (2011). The normalization of cannabis use among young people - Symbolic boundary work in focus groups. *Health, Risk & Society*, 13 (2), 165-182.
- Lawler, S. (2002). Narrative in social research. I: May, T. (red.) *Qualitative Research in Action*. London, Sage, 242-258.
- Lieblich, A., Tuval-Mashiach, R. & Zilber, T. (1998). *Narrative Research: Reading, analysis and interpretation*. Thousand Oaks CA, Sage.
- Loseke, D.R. (2007). The study of identity as cultural, institutional, organizational, and personal narratives: Theoretical and empirical integrations. *The Sociological Quarterly*, 48 (4), 661-688.
- Lumsden, K. (2010). Gendered performances in a male-dominated subculture: 'Girl Racers', car modification and the quest for masculinity. *Sociological Research Online*, 15 (3).
- Lund, M.K.Ø., Skretting, A. & Lund, K.E. (2007). Rusmiddelbruk blant unge voksne, 21-30 år. Resultater fra spørreskjemaundersøkser 1998, 2002, 2006. *SIRUS rapporter*. Oslo, Statens institutt for rusmiddelforskning.
- Macleod, J. & Hickman, M. (2010a). How ideology shapes the evidence and the policy: What do we know about cannabis use and what should we do? *Addiction*, 105 (8), 1331-1339.
- Macleod, J. & Hickman, M. (2010b). Response to commentaries: Moving towards an evidence-based policy around cannabis use. *Addiction*, 105 (8), 1337-9.
- Maines, D.R., Sugrue, N.M. & Katovich, M. (1983). The sociological import of G. H. Mead's theory of the past. *American Sociological Review*, 48 (2), 161-173.
- Markham, A.N. (2007). The internet as research context. I: Seale, C., Gobo, G., Gubrium, J.F. & Silverman, D. (red.) *Qualitative Research Practice*. London, Sage, 328-344.
- Matza, D. & Sykes, G.M. (1961). Juvenile delinquency and subterranean values. *American Sociological Review*, 26 712-719.
- McIntosh, J. & McKeganey, N. (2000). Addicts' narratives of recovery from drug use: Constructing a non-addict identity. *Social Science and Medicine*, 50 (10), 1501-1510.

- Mead, G.H. (1929). The nature of the past. *Essays in Honor of John Dewey: On the Occasion of his Seventieth Birthday October 20, 1929*. New York, Octagon Books, 235-242.
- Measham, F. (2002). 'Doing gender' - 'doing drugs': Conceptualizing the gendering of drugs cultures. *Contemporary Drug Problems*, 29 (Summer), 335-373.
- Melberg, H.O., Jones, A.M. & Bretteville-Jensen, A.L. (2010). Is cannabis a gateway to hard drugs? *Empirical Economics*, 38 (3), 583-603.
- Messerschmidt, J.W. (1995). From patriarchy to gender: Feminist theory, criminology and the challenge of diversity. I: Rafter, N.H. & Heidensohn, F. (red.) *International Feminist Perspectives in Criminology: Engendering a Discipline*. Buckingham, Open University, 167-188.
- Miller, R.L. (2000). *Researching Life Stories and Family Histories*. London, Sage.
- Minozzi, S., Davoli, M., Bargagli, A.M., Amato, L., Vecchi, S. & Perucci, C.A. (2010). An overview of systematic reviews on cannabis and psychosis: Discussing apparently conflicting results. *Drug and Alcohol Review*, 29 (3), 304-317.
- Moore, T.H.M., Zammit, S., Lignford-Hughes, A., Barnes, T.R.E., Jones, P.B., Burke, M. & Lewis, G. (2007). Cannabis use and risk of psychotic or affective mental health outcomes: A systematic review. *Lancet*, 370 (9584), 319-328.
- Muggleton, D. (2000). *Inside Subculture. The Postmodern Meaning of Style*. Oxford, Berg.
- Mullins, C.W. (2006). *Holding Your Square: Masculinities, Streetlife, and Violence*. Cullompton, Willan Publ.
- Neale, J., Nettleton, S. & Pickering, L. (2011). Recovery from problem drug use: What can we learn from the sociologist Erving Goffman? *Drugs: Education, Prevention, and Policy*, 18 (1), 3-9.
- Nordström, S. & Herz, M. (2013). 'It's a matter of eating or being eaten'. Gender positioning and difference making in the heavy metal subculture. *European Journal of Cultural Studies*, 16 (4), 453-467.
- Nutt, D.J., King, L.A. & Phillips, L.D. (2010). Drug harms in the UK: A multicriteria decision analysis. *The Lancet*, 376 (9752), 1558-1565.
- Pape, H. & Rossow, I. (2004). 'Ordinary' people with 'normal' lives? A longitudinal study of ecstasy and other drug use among Norwegian youth. *Journal of Drug Issues*, 34 (2), 389-418.
- Parker, H., Aldridge, J. & Measham, F. (1998). *Illegal Leisure. The Normalization of Adolescent Recreational Drug Use*. London, Routledge.
- Parker, H., Williams, L. & Aldridge, J. (2002). The normalization of 'sensible' recreational drug use: Further evidence from The North West England Longitudinal Study. *Sociology*, 36 (4), 941-964.
- Pedersen, W. (2009). Cannabis use: Subcultural opposition or social marginality? A population-based longitudinal study. *Acta Sociologica*, 52 (2), 135-148.
- Polkinghorne, D.E. (1995). Narrative configuration in qualitative analysis. *Qualitative Studies in Education*, 8 (1), 5-23.
- Rapley, T. (2001). The art (fulness) of open-ended interviewing: Some considerations on analysing interviews. *Qualitative Research*, 1 (3), 303-323.

- Rapley, T. (2004). Interviews. I: Seal, C., Gobo, G., Gubrium, J.F. & Silverman, D. (red.) *Qualitative Research Practice*. London, Sage, 15-33.
- Ravn, S. (2012). Contested identities: Identity constructions in a youth recreational drug culture. *European Journal of Cultural Studies*, 15 (4), 513-527.
- Ridgeway, C.L. & Smith-Lovin, L. (1999). The gender system and interaction. *Annual Review of Sociology*, 25 191.
- Riessman, C.K. (2008a). Concluding comments. I: Andrews, M., Squire, C. & Tamboukou, M. (red.) *Doing narrative research*. Los Angeles, Sage, 151-156.
- Riessman, C.K. (2008b). *Narrative Methods for the Human Sciences*. Los Angeles, Sage.
- Riessman, C.K. (2013). Analysis of personal narratives. I: Fortune, A.E., Reid, W.J. & Miller, R.L. (red.) *Qualitative research in social work*. 2 red. New York, Columbia University Press, 168-191.
- Room, R. (2014). Legalizing a market for cannabis for pleasure: Colorado, Washington, Uruguay and beyond. *Addiction*, 109 (3), 345-351.
- Room, R., Fisher, B., Hall, W., Lenton, S. & Reuter, P. (2010). *Cannabis Policy: Moving Beyond Stalemate*. Oxford, Oxford University Press.
- Ryle, R. (2012). *Questioning Gender. A Sociological Exploration*. Loa Angeles, Sage.
- Rødner, S. (2005). 'I am not a drug abuser, I am a drug user': A discourse analysis of 44 drug users' construction of identity. *Addiction Research and Theory*, 13 (4), 333-346.
- Sandberg, S. (2010a). Utbredt men annerledes. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 51 (4), 495-521.
- Sandberg, S. (2010b). What can "lies" tell us about life? Notes towards a framework of narrative criminology. *Journal of Criminal Justice Education*, 21 (4), 447-465.
- Sandberg, S. (2012). Is cannabis use normalized, celebrated or neutralized? Analysing talk as action. *Addiction Research and Theory*, 20 (5), 372-381.
- Sandberg, S. (2013). Cannabis culture: A stable subculture in a changing world. *Criminology and Criminal Justice*, 13 (1), 63-79.
- Sandberg, S. & Pedersen, W. (2010). *Cannabiskultur*. Oslo, Universitetsforlaget.
- Sandberg, S. & Tutenges, S. (2015). Meeting the Djinn. Stories of drug use, bad trips and addiction. I: Presser, L. & Sandberg, S. (red.) *Narrative Criminology*. New York, New York University Press,
- Shildrick, T. (2002). Young people, illicit drug use and the question of normalization. *Journal of Youth Studies*, 5 (1), 35-48.
- Shildrick, T. & MacDonald, R. (2006). In Defence of Subculture: Young People, Leisure and Social Divisions. *Journal of Youth Studies*, 9 (2), 125-140.
- Shiner, M. (2006). A dubious equality? Drug use and the discovery of gender. I: Heidensohn, F. (red.) *Gender and Justice: New Concepts and Approaches*. Collumpton, Willan, 15-31.
- Shiner, M. (2009). *Drug Use and Social Change: The Distortion of History*. Basingstoke, Palgrave Macmillian.
- Shiner, M. & Newburn, T. (1997). Definitely, maybe not? The normalisation of recreational drug use amongst young people. *Sociology*, 31 (3), 511-529.

- Shiner, M. & Newburn, T. (1999). Taking tea with Noel: The place and meaning of drug use in everyday life. I: South, N. (red.) *Drugs: Cultures, Controls and Everyday Life*. London, Sage, 139-159.
- Silverman, D. (2004). Foreword. I: Czarniawska, B. (red.) *Narratives in Social Science Research*. London, Sage, iix-ix.
- SIRUS (2012). The drug situation in Norway 2012. Oslo, SIRUS Norwegian Institute for Alcohol and Drug Research.
- Solowij, N. (2010). Harms to body and soul - an ideological balancing act for preventing and reducing cannabis use. *Addiction*, 105 (8), 1331-1332.
- Stangor, C., Lynch, L., Duan, C.G. & Glass, B. (1992). Categorization of individuals on the basis of multiple social features. *Journal of Personality and Social Psychology*, 62 (2), 207-218.
- Swidler, A. (1986). Culture in action: Symbols and strategies. *American Sociological Review*, 51 (2), 273-286.
- Sznitman, S.R. (2007a). An examination of the normalisation of cannabis use among 9th grade school students in Sweden and Switzerland. *Addiction Research & Theory*, 15 (6), 601-616.
- Sznitman, S.R. (2007b). *Socially integrated drug users between deviance and normality*. Akademisk avhandling, Stockholm University.
- Sznitman, S.R., Olsson, B. & Room, R. (2008). *A Cannabis Reader: Global Issues and Local Experiences* [Online]. Lisbon, European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction. Tilgjengeleg: <http://www.emcdda.europa.eu/publications/monographs/cannabis>.
- Terry, P., Wright, K. & Cochrane, R. (2007). Factors contributing to changes in frequency of cannabis consumption by cannabis users in England: A structured interview study. *Addiction Research and Theory*, 15 (1), 113-119.
- Thagaard, T. (1998). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen, Fagbokforlaget.
- Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo, Gyldendal Akademisk.
- Verweij, K.J.H., Zietsch, B.P., Lynskey, M.T., Medland, S.E., Neale, M.C., Martin, N.G., Boomsma, D.I. & Vink, J.M. (2010). Genetic and environmental influences on cannabis use initiation and problematic use: A meta-analysis of twin studies. *Addiction*, 105 (3), 417-430.
- Vicente, J., Olszewski, D. & Matias, J. (2008). Prevalence, patterns and trends of cannabis use among adults in Europe. I: Sznitman, S.R., Olsson, B. & Room, R. (red.) *A Cannabis Reader: Global Issues and Local Experiences. Perspectives on Controversies, Treatment, and Regulation in Europe*. Lisbon, European Monitoring Centre for Drugs and Drug Addiction, 6-30.
- Ward, J. (2002). Book review of "Ecstasy and the Rise of the Chemical Generation": Richard Hammersley, Furzana Khan and Jason Ditton. *The International Journal on Drug Policy*, 13 (5), 437-438.
- Warner, J., Weber, T.R. & Albanes, R. (1999). 'Girls are retarded when they're stoned.' Marijuana and the construction of gender roles among adolescent females. *Sex Roles*, 40 (1-2), 25-43.

- West, C. & Fenstermaker, S. (1993). Power, inequality and the accomplishment of gender: An ethnomethodological view. In: England, P. (ed.) *Theory on Gender/Feminism on Theory*. New York, Aldine, 151-174.
- Willis, P.E. (1977). *Learning to Labour: How Working Class Kids Get Working Class Jobs*. Farnborough, Saxon House.
- Wilson, H., Bryant, J., Holt, M. & Treloar, C. (2010). Normalisation of recreational drug use among young people: Evidence about accessibility, use and contact with other drug users. *Health Sociology Review*, 19 (2), 164-175.



**Artikkelen:**

Negotiating identities: Patterns of self-presentations among socially integrated cannabis users



# Negotiating Identities: Patterns of Self-presentations among Socially Integrated Cannabis Users

Young  
22(4) 1–18  
© 2014 SAGE Publications and  
YOUNG Editorial Group  
SAGE Publications  
Los Angeles, London,  
New Delhi, Singapore,  
Washington DC  
DOI: 10.1177/1103308814548106  
<http://you.sagepub.com>



**Silje Louise Dahl**

Volda University College, Department of Social Work, Norway

**Kåre Heggen**

Volda University College, Department of Social Work, Norway

## Abstract

Our aim is to analyze how stories on drug use, present life situation and earlier experiences structure cannabis users' self-presentations—as this is presented in interviews with young adults. The interviewees' identity work takes place within a narrative terrain including both a restrictive, official story about drugs and a liberal, subcultural story about cannabis. We identify four dominant narratives about cannabis users: the burnt user, the irresponsible user, the responsible user and the cannabis prophet. Some of these stories put the narrator at greater risk of condemnation, and the analysis shows how the interviewees negotiate between the different stories. The ambiguous position of cannabis use makes it a rich, but also equivocal, resource for identity work. Attentiveness to the individual's present situation is essential for understanding how individuals make sense of their past, as well as their expectations for the future.

## Keywords

self-presentations, identity, cannabis, marijuana, drugs, young adults, narratives, qualitative methods

## Introduction

Cannabis use is an important aspect of many people's identities (Hammersley et al., 2001), but what cannabis means to users and in what ways it contributes to individuals' identity has to a very limited degree been dealt with in the research literature (Järvinen and Ravn, 2011; Pedersen, 2009). The use of cannabis has been described as normalized, in the sense that it has become an ordinary, taken-for-granted part of young people's lives (Parker et al., 2002). Population survey data suggest that as many as 32.5 per cent of young European adults (15–34) have used cannabis some

---

time, while 12.4 per cent have used the drug in the last year (EMCDDA, 2012). Others have argued that changes have been exaggerated and that the drug is still stigmatized (Shiner, 2009), as indicated by cannabis users' constant need to justify their use (Sandberg, 2012). The ambiguous position of cannabis use makes it a rich, but also equivocal, resource for identity work.

This study examines the identity work by young adults who have managed long cannabis careers, including fluctuations in use. They represent a part of the drug-using population that has received comparatively less attention in research reports (EMCDDA, 2007; Terry et al., 2007). This group is particularly interesting for two reasons. (a) The young adults in this study are in a life phase where they meet several new demands and expectations, such as taking up full-time work, getting married and having children. During life transitions, identity work regarding who they have been, who they are, and who they will become, is particularly prominent (Giddens, 1991). (b) The participants have used cannabis extensively for several years but have for various reasons begun to readjust their drug use (without being in contact with the drug treatment system). This implies that they are actively reflecting on their cannabis use and can provide rich descriptions of what cannabis means and has meant to them. Talking from a position involving multiple changes, it is likely that identity work is particularly intense in this group. Building on these perspectives the research questions of this article are: What are the dominant stories about cannabis users, told by themselves, and what are the structuring dimensions of these stories? We will also discuss how the stories are employed and combined in cannabis users' accounts, and what functions they serve for self-presentations.

## **Background**

### *The Role of Cannabis in Norway*

